



ÅRSMELDING

for

Tysnes kommune

2009



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 19

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 26.03.10

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
----------------	---------------	------------------	----------------------	--------------------

10/44

2194/10

001

FSK/PER/ESLI

ÅRSMELDING 2009

Innleiing	3
1 Økonomi	6
1.1 Inntektsutvikling dei siste åra	8
1.2 Utvikling i kommunen sine fond	10
2 Årsrapport for sektorane	12
2.1 Sentraladministrasjonen	12
2.1.1 Organisasjon	12
2.1.2 Politisk aktivitet	12
2.1.3 Økonomisk resultat	12
2.1.4 Oppnådde resultat	13
2.1.5 Samla vurdering	20
2.2 Undervisning	21
2.2.1 Organisasjon	21
2.2.2 Politisk aktivitet	22
2.2.3 Økonomisk resultat	22
2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram	23
2.2.5 Fråvær	23
2.2.6 Samandrag	27
2.3 Helse og sosial	28
2.3.1 Økonomisk resultat	28
2.3.2 Utviklingstrekk i etaten	28
2.3.3. Helseavdelinga	29
2.3.4 Sosialavdelinga	33

<u>2.3.5 Pleie- og omsorgsavdelinga.....</u>	<u>33</u>
<u>2.4 Landbruk- og teknisk etat</u>	<u>39</u>
<u>2.4.1 Organisasjon</u>	<u>39</u>
<u>2.4.2 Politisk aktivitet.....</u>	<u>41</u>
<u>2.4.3 Økonomisk resultat.....</u>	<u>41</u>
<u>2.4.4 Oppnådde resultat i høve handlingsprogram/budsjett</u>	<u>41</u>

Innleiing

Tysnes kommune utarbeidde si første årsmelding for heile verksemda i 1988. Både årsmeldingsmalen og kanskje ikkje minst detaljeringa i årsmeldingane har vorte justerte gjennom åra. Dei første åra var gjerne årsmeldingane på over 100 sider! Nokre kommunestyremedlemmer tykte vél om desse lange og detaljerte meldingane! Men etterkvart har me kome ned i meir "overkomelege" meldingar. – Me føler me har truffe betre både med mal og lengde slik årsmeldingane har framstått dei siste 6 – 7 åra.

Året 2009 var på fleire vis historisk for Tysnes kommune. Det som i så måte truleg sit klarast att i tysnesingane sine minne må vera den Kongelege vitjinga i juni 2009. I 2008 – meldinga tok me med dette:

"Heilt på tampen av 2008 fekk kommunen den historiske meldinga om at me skal få Kongeleg vitjing i juni 2009. At Kongen og Dronninga kjem til Tysnes den 16. juni er stort i seg sjølv, og besøket gjev oss ein ekstra "drive" opp mot framtidsperspektivet i denne meldinga for 2008! Med denne storslegne vitjinga får me eit heilt unikt høve til å setja Tysnes "på kartet"! Me kan gjennom dette vidareutvikla og framheva dei mange positive og særmerkte kvalitetane som er knytte til vår eigen histore – så vel som alle dei som er her i dag frå fjord til nut!"

Kongen og Dronninga si vitjing på Tysnes vart ein braksuksess på alle vis. Me fekk vist både vår fjerne og meir nære historie – og ikkje minst slik Tysnes framstår i dag. Værgudane viste seg frå si beste side og Tysnes vart verkeleg "sett på kartet!" Me har fått svært gode tilbakemeldingar både frå Slottet og fylkesmannen! At me fekk ei så vellukka markering desse få timane skuldast god og stram regi over heile lina – frå Slottet, fylkesmannen, politiet, ordføraren og vidare i alle ledd som var kopla inn. Det vart gjort ein kjempeinnsats frå utruleg mange flinke og samarbeidsvillige personar! Tusen takk til absolutt alle!

Eit anna "hende" som ganske sikkert sit godt att i mange sine minne frå 2009 – om enn i ein nokon annan valør enn det nett nemnde – er gjennomføringa av dei historiske vedtaka som vart gjorde i 2008 om innføring av eigedomsskatt i kommunen frå 2009. Skattesatsen var 2 promille, noko som gav vel 5 mill kr i brutto inntekt til kommunen. Nettoinntekta utgjorde nær 3 mill kr. – I prinsippvedtaket om innføring av eigedomsskatt i september 2008 la kommunestyret klare føringar om at eigedomsskatten skal øyremerkast investeringar.

Rekneskapen for 2009 er oppgjort med eit mindreforbruk/overskot på kr. 4.759.035,84. – Det gode resultatet skriv seg i hovudsak frå meirinntekt skatt/rammetilskot, mindre utgifter til renter og avdrag og samla sett mindre forbruk på etatane og i sentraladministrasjonen. – Tysnes kommune har "i manns minne" ikkje hatt eit større overskot! Takk til kvar enkelt tilsett som har vore med å sikra eit så flott resultat!

Tiltaksprosjektet - eller prosjekt 3012 - vart avslutta i 2009. Dette var eit toårig prosjekt. Samfunnsutviklar Tron Bach var tilsett i prosjektet desse to åra. Formannskapet var styringsgruppe med ansvar for overordna styring av prosjektet. Det var ei prosjektgruppe som hadde det operative ansvaret. I denne gruppa var det aktørar frå både kommune, næringsliv og private. Dessutan var fylkeskommunen og regionrådet inne med observatørar. – Prosjekt 3012 har medført ein del positive initiativ og tiltak i Tysnes. Me var heldige som fekk knytt opp

flere dyktige aktører i/til prosjektet! – Med røynsle frå to slike prosjekt er me usikre på ”vinstane” eller kva me oppnår. Resultata er alt anna enn enkle å måla! Prosjekta krev mykje frå store delar av den kommunale organisasjonen og andre. Ved å setja i gang slike store og til tider noko ”vidløftige” prosjekt, bind me oss opp i tunge prioriteringar som opplagt dempar annan ofte sterkt ønskt aktivitet.

NAV – kontoret i kommunen vart formelt opna i rådhuset 19. juni 2009. Den kommunale sosialtenesta vart samla med dei statlege tenestene innan trygd og arbeid under ein felles statleg leiar. Me opplever at samarbeidet er godt og me har von om at dette skal gje eit betre tilbod til innbyggjarane i Tysnes. – For å få til ei samkøying av tenestene under same tak, var det ombyggingsaktivitet på rådhuset første del av 2009. Skulekontoret vart samlokalisert med helse- og sosialkontoret medan barnevernet vart samlokalisert med NAV. – NAV – reforma er på mange måtar ei krevjande reform og det vil nok enno gå litt tid før me kan sei at me fyller dei gode intensjonane bak reforma fullt ut. Me har ei audmjuk tilnærming til dette og er innstilte på å læra av det halve året me i 2009 hadde eit felles statleg – kommunalt NAV – kontor; for å utvikla betre løysingar med omsyn til rapportering og oppfølging av denne delen av verksemda vår.

2009 var også det store året for influensa, nærare bestemt svineinfluensa. Heile det nasjonale pandemiapparatet vart sett i sving. Her i kommunen vart innbyggjarane godt ivaretekne gjennom arbeidet til smittevernlege, leiande helsesøster og pleie- og omsorgsleiar.

Likestilling er eit viktig tema som me vil gje større merksemd frametter. I årsmeldinga for 2009 er det teke inn eit eige avsnitt om likestilling. Tysnes kommune er klart den største og viktigaste kvinnearbeidsplassen i kommunen.

I september 2009 vart det gjennomført ei øving over 2 dagar for kommunal kriseleiing knytt til korleis kommunen vil handtera ei atomulukke. Dette var ei øving regissert av staten ved fylkesmannen – ei øving i den såkalla ”Øving Hordaland” – serien. – Øvinga gav merksemd og ho munna blant anna ut i at me utarbeidde ein plan for atomberedskap. Kommunestyret vedtok denne vår første atomberedskapsplan i møte i desember 2009.

Ein del større og viktige investeringsprosjekt vart heilt eller delvis gjennomførte i 2009, medan dei to største framleis ”står noko i stampe”. Uggdal skule var ferdig rehabilitert til skulestart hausten 2009. Gravplassen på Gjerstad vart óg så godt som ferdigstilt i fjor. Ny veg til Vågsmarka vart forsert. Vegen er framleis ikkje ferdig, men han har fått ei god byrjing gjennom massetilførsel frå opparbeidinga av gravplassen. Bustadfeltet på Kattaland hadde vel i det vesentlege vorte ferdigstilt i 2009, men så kom snøen og hindra den siste finpussinga. Me vil tru at feltet vert klart i mars/april 2010. På dette tidpunktet reknar me og med at opparbeidinga av Vågsmarka 6 vil starta opp.

I førre årsmelding sa me noko om at me ikkje hadde ”spora” at finanskrisa hadde kome med særleg tyngde til oss. Me kan vel stort sett sei det same i denne årsmeldinga. – Men me fekk tildelt ekstraordinære ”finanskrisebidrag” i 2009. Desse midlane måtte i det alt vesentlege gå til ymse vedlikehaldsoppgåver, og dei måtte vera nytta innan 31.12.09. For vår del fekk me blant anna gjort meir asfaltarbeid på tre kommunale vegar, ca 1 mill kr, elles gjekk kr 66.000,- til feristeparasjonar, kr. 139.000,- til Uggdal skule – leskur og avfuktar – og resten, nær kr 600.000,- til Tysnes skule – utskifting av vestfasade symjehall og nokre vindaugo og dørar.

I 2008 vart arbeidet med stadanalysen for Fjordlandsbyen Våge gjennomført. Oppfølginga av dette arbeidet utløyser naturleg utarbeiding av eit framlegg til reguleringsplan for Våge sentrum. – Arbeidet med denne reguleringsplanen er i no tidleg i 2010 i oppstartsfasen. Det er også kommuneplanarbeidet.

Kommunen har styrkt planleggingskapasiteteten sin ved at teknisk sjef gjennom ein mannsalder, Asle Bernt Rekve, gjekk over i ein nyoppretta plansjefjobb frå 01.01.10. Plansjefen er organisatorisk lokalisert i rådmannen sin stab. Prioriterte oppgåver for han dei par første åra skal vera kommuneplan og reguleringsplan Våge.

Rådmannen føler elles ”på kroppen” at ei 100 % sakshandsamarstilling ved kontoret har stått i vakanse frå 10. august 2009! Utover dette har rådmannskontoret hatt 20 % permisjon/vakanse i ein sentral stilling frå oktober 2009 og vil framleis ha det til medio mai i år.

I 2009 lukkast me ikkje å skaffa kvalifisert personell innan oppmåling og byggjesak i heile stillingar. Me har hatt mellombelse ordningar over ein periode. No har me tilsett både i engasjement byggjesak og innan oppmåling.

Kommunen ser framleis fram til og har store forventingar til dei etableringane som bør koma på det flotte næringsområdet i Nedrevåge! Likeså ventar me i spaning på dei investeringane som bør følgja av dei føresetnadene som er nedfelte i reguleringsplanen som vart vedteken i 2007 for idylliske Godøysund! – Me ser òg andre spanande næringsprosjekt som både er under etablering og litt meir på "skissestadiet." Me registrerer med glede at byggjeaktiviteten har vore bra – også opp mot utleige og sal av bustadeiningar.

I framtidsperspektivet ser me e-postintegring og scanning som bør koma på plass i løpet av denne varen. Dette vil gje nye digitale føremoner. Me skal elles i år byrja det førebuande arbeidet med nytt økonomisystem. Arbeidet skal gå i eit samarbeid mellom Fusa, Samnanger og oss. Me reknar med å ha nytt økonomisystem i drift midtårs 2011, og nytt løns- og personalsystem på plass frå 01.01.12.

Me har frå 1996 hatt ei interkommunal innkjøpsordning med kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord. Dette samarbeidet er seinare utvida mot Haugalandet, Hardanger og Hordaland fylkeskommune.– Kommuneorganisasjonen har med åra vorte stadig flinkare på innkjøp. Innsparingane for kommunen er ikkje ubetydelege. Me kan sei at innkjøpssamarbeidet indirekte er med og ”bidreg” til det gode resultatet i 2009.

I 2008 og dels i 2009 gjorde me ein del tekniske oppdateringar på kommunen si nettside. Dette mellom anna for å gjera heimesida meir brukarvennleg. Søkefunksjonen vart for eksempel ein del oppdatert. – Skal me ha ei side som både er grei å bruka og skorer eit stykke opp i dei landsomfattande rangeringane, krevst det ikkje ubetydeleg administrativ innsats, særleg frå redaksjonen på rådmannskontoret, men òg frå etatane, for å oppdatere, ajourføre og vedlikehalda sida. – Det er ei utfordring å få alle til å bruka heimesida aktivt både på klare informative forhold, men og på det meir opplysende.

I 2007 og 2008 vart det teke initiativ frå kommunen for å skipa eit ungdomsråd. I 2009 vart ungdomsrådet oppretta og det har vore helst stor aktivitet.

Ved utgangen av 2008 var innbyggjartalet 2792. Ved utgangen av 2009 var folketalet 2779. Altså ein reduksjon på 13 personar.

Kommunen har gjennom heile "Tysnesfest" si "levetid" gått inn med stadig aukande underskotsgarantiar og tilskot. I 2009 var garantien på kr. 75.000,- og tilskotet på kr. 45.000,-. I år er desse to summene auka opp til kr. 200.000,- og kr. 170.000,-! – Kommunen viser gjennom dette at me både set pris på og har tru på tiltaket. "Tysnesfest" kan med rette kallast eit skikkeleg kulturelt fyrstårn som marknadsfører heile Tysnes på ein framifrå måte! Me har fleire gonger sagt at me trur det er både framtidsretta og "edruelig" å stabilisera "Tysnesfest" – tiltaket på 2009 – nivået.

Det vert vidare vist til dei opplysningane, vurderingane og oppsummeringane som er gjorde for kvar sektor.

1. Økonomi

Rekneskapen for 2009 er oppgjort med eit mindreforbruk (overskot) på kr. 4.759.035,84.

Det gode resultatet skuldast:

- Meirinntekt skatt/rammetilskot
- Mindre utgifter til rente og avdrag
- Mindreforbruk på etatane

Skatt/Rammetilskot frå staten

I statsbudsjettet for 2009 var det føresett ein skattevekst på 5,3 %. På landsbasis vart skatteinngangen 5,9 %. Tysnes kommune fekk ein auke frå 2008 til 2009 på 5,8 %. Tysnes kommune mottok eit ekstra skjønstilskot på 0,5 mill. som skulle vera med å dekkja innføring av eigedomsskatt. Meirinntekta for skatt/rammetilskot utgjør eit **positivt avvik på kr. + 1,6 mill.** når me samanliknar rekneskap med opprinneleg budsjett.

Avdrag

Det er i 2009 ført avdrag i driftsrekneskapen med kr. 5.738'. Det var budsjettert med 6.825'. **Postivt avvik utgjør ca. kr. + 1,1 mill.** Det er ført kr. 543' i avdrag på etableringslån i investeringsrekneskapen. Totalt er det betalt avdrag på lån med kr. 6.281'. Det vart i 2009 teke opp nye lån på tilsaman kr. 30.727'. Lånegjelda er ved utgangen av 2009 128,3 mill.

Renter

Rentenivået har vore svært lågt det meste av 2009. Det var budsjettert med rentekostnad på 6,9 mill. Rentekostnadene er i 2009 utgiftsført med kr. 3,84 mill. **Det positive avviket utgjør heile + 3 mill.** Nær 350' av avviket skuldast berekna "påløpt" ikkje betalte renter i 2009 samanlikna med 2008. Forklaringa her er at rentenivået i slutten av 2008 var høgt og tilsvarande svært lågt i 2009.

Mindreforbruk på etatene:

Sentraladministrasjonen	+ 1,3 mill.
Skulekontoret	+ 1,87 mill.
Landbruk- og teknisk etat	-----
Helse- og sosialkontoret	- 1,4 mill har eit meirforbruk

Sum positivt avvik + 1,8 mill.

Momskompensasjon på investeringar

Det var i 2009 budsjettert med kr. 6,4 mill. i momskompensasjon på investeringar. Sidan det vart mindre investeringar (ny barnehage) enn det som var planlagt vart det "berre" inntektsført kr. 4,0 mill. Me får her eit **negativt avvik i høve til det som var budsjettert på kr. - 2,4 mill.** Det er viktig å sjå nærare på inntektsutviklinga av momskompensasjonen. Momskompensasjon på investeringar vert ført som inntekt i driftsrekneskapen. Dess meir me investerer dess større inntekter får me i driftsrekneskapen.

2010 er det første av 5 år der ordninga med momskompensasjon på investeringar skal leggjast om. No skal delar av momsinnmakta først i investeringsrekneskapen og resten i drift. Frå 2014 er det slutt på føring av momskompensasjon frå investeringar i drift. Momskompensasjonen og omlegginga av han vil i åra frametter vera ei av forklaringane på at Tysnes kommune får store utfordringar med å få drifta til å gå i hop. Inntektene av momskompensasjon i driftsrekneskapen har dei siste åra vore slik:

År:	Rekneskap i heile 1000 kr:
2006	740'
2007	528'
2008	454'
2009	4.065'

År:	Budsjett/økonomiplan i heile 1000 kr:
2010	6.592'
2011	4.450'
2012	5.614'
2013	681'
2014	0

Eigedomsskatt i 2009

2009 er første året med eigedomsskatt i Tysnes kommune. Det er inntektsført kr. 5,081 mill. Det var budsjettert ei inntekt på 5,4 mill. Me får her eit **negativt avvik på 0,3 mill.** Nettoinntekta første året utgjorde nær kr. 3 mill.

Den kjem fram slik:

Inntektsført:	kr. 5.081'
- Tilskot frå fylkesmannen	kr. 500'
Sum inntekter	kr. 5.581'
- Kostnader med innføringa	kr. 2.599'
Nettoinntekt første året	kr. 2.982'

Samanlikning av rekneskap 2008 og 2009 for inntekt på momskompensasjon og eigedomsskatt er slik:

År	Rekneskap i heile 1000 kr:
2008	454'
2009	7.047'

Ser me på budsjettet 2010 på desse to inntektsområda får me følgjande tal:

År:	Budsjett i heile 1000 kr:
2010	11.098'

Dersom me ikkje aukar eigedomsskatten vert inntektsutviklinga slik i åra som kjem:

2011	8.956'
2012	10.120'
2013	5.187'
2014	4.506'

Inntekter frå brukerbetaling (art 600:619)

Det er i 2009 inntektsført 11 mill. Budsjettet var på 9,8 mill. Det er m.a. kr. 650' i auka inntekt på sjukeheimen som forklarar avviket. Det er meirinntekt på SFO med 150'.

Andre sals- og leigeinntekter (art 620:670)

Rekneskapen syner at inntekta utgjer 11,1 mill. som er 100' mindre enn budsjett.

Overføring med krav til motyting (art 700:780)

Det er inntektsført 32,9 mill. mot budsjettet på 23 mill. Her er eit positivt avvik på 9,6 mill. Sjukepengar og fødselspengar utgjer 5,94 mill. Det er 4,94 mill. meir enn budsjettet. Momskompensasjon drift er inntektsført med 1,9 mill. meir enn det som var budsjettet. "Tiltakspakken" tilførte Tysnes kommune 1.858' Statstilskot til ressurskrevjande brukarar er nær 0,5 mill. høgare enn budsjettet beløp.

Andre statlege overføringar (art 810:829)

Det er rekneskapsført 4,4 mill. Budsjettet syner 3,8 mill. Skjønstilskot barnehage var budsjettet med 622' Det er inntektsført kr. 1.465'.

Inntektsutvikling dei siste åra

I 1000 kr.	Rekneskap 2009	Rev.bud.09	Budsjett 09	Rekneskap 08	Budsjett 08	Rekneskap07
Skatt på inntekt	54 948	60 151	60 151	51 949	47 376	46 950
Rammetilskot	73 365	68 385	66 527	63 462	67 979	64 093
Momskomp.inv	4 065	6 418	6 418	454	2 563	528
Renteref. skule	762	940	940	878	860	742
Renteref,sjukeh	1 216	1 490	1 490	1 428	1 410	1 253
Eigedomsskatt	5 081	5 400	5 400			
Sum	139 437	142 784	140 926	118 171	120 188	113 566

Av tabellen ser me at inntektene auka svært mykje frå 2008 til 2009. Skatt og rammetilskot syner ein auka på nær 13 mill.kroner. Noko av forklaringa - kr. 2,7 mill. - ligg i at øyremerka midlar til psykiatrien gjekk over frå øyremerka tilskot i 2008 til rammetilskot i 2009.

Tidlegare er det peika på at momskompensasjon og eigedomsskatt utgjer ein stor skilnad frå eine året til neste. Samanliknar me inntekt frå skatt og rammetilskot i 2009 med budsjett 2010 er auken ”berre” på kr.5,6 mill.

Lønskostnader

Totale lønskostnader i 2009 utgjer kr. 135,5 mill. Revidert budsjett er på kr. 130,7 mill. Inntektsførte sjukepengar utgjer 5,94 mill. mot 1 mill i budsjettet.

År:	Lønskostnader totalt	Sosiale kostnader
2007:	117,2	23,9
2008:	126,8	25,8
2009:	135,5	28,1

Utgiftgodtgjersle reise/bil osv.er ikkje med i denne oppstillinga.

Totale lønskostnader har auka med kr. 8,7 mill siste året som utgjer 6,86 %. Auken er ein prosent høgare enn den reelle sidan ein i 2009 har kostnadsført 13 mnd. variabel løn.

Renterisiko

Av lånegjelda på 128,3 mill. er 28,6 mill. av låna på bunden rente. Finansreglementet seier at 20 % av kommunen si gjeld skal vera bunden - det tilsvarer 25,7 mill.

Tysnes kommune har 14,9 mill. i gjeld til Husbanken. Alle låna er bundne på 5 år. Rentenivået varierer frå 2,7 – 4,8 %. Lånegjelda i Kommunalbanken er på 98,7 mill. av dette er 13,7 mill. på 5 års rentebinding. Rentenivået er på 4,29-5,3 %. I Tynes Sparebank er renta på 6 % - dette må sjåast i samanheng med gunstig innskotsrente. Tysnes kommune bør vurderer om ein større del av lånemassen bør bindast på 5 eller 10 år. Rentebinding på 5 år blir i månadskvittet februar/mars 2010 prisa til ca. 4 %. Binding på 10 år ”kostar” 4,65 % på same tidspunkt. Tysnes kommune skal dei neste åra ta opp store lån og i økonomiplansamanheng er rentenivået i åra som kjem ein av fleire usikre faktorar.

Tabellen under syner status pr. 31.12.09.

Tekst	Heile 1000 kr.	Rente i %	Prosent av samla lånegjeld
Lån utan rentebinding			
Tysnes Sparebank	6 274	6,00 %	
Husbanken	-		
KLP Kommunekreditt	8 432	2,15 %	
Kommunalbanken	85 006	1,95 %	77,7 %
Fastrente til 2012	17 247	4,4 - 5,3 %	13,4 %
Fastrente til 2013	3 000	4,70 %	2,3 %
Fastrente til 2014	8 359	2,7 - 4,29 %	6,5 %
Samla gjeld	128 318		

Pr. 3. mars 2010 er den flytande renta i Kommunalbanken 2,25 % og KLP kommunekreditt 2,4 %.

Utviklinga av kommunen sine fond

I 1000 kr.	Rekneskap 2009	Rekneskap 2008	Rekneskap 2007	Rekneskap 2006
Bundne driftsfond	6 733	6 383	10 499	9 347
Disposisjonsfond	8 578	8 594	8 924	9 487
Bundne inv. fond	2 004	713	369	21
Ubundne inv. fond	3 312	85	85	85
Sum	20 627	15 775	19 877	18 940

Kommunal- og regionaldepartementet har fastsett endringer i rekneskapsforskrifta for kommunane. Endringa inneber at likviditetsreserven opphøyrer som eigenkapitalkonto i kommunen sitt balanserekneskap – endringa gjeld frå 01.01.10. Endringa fører til at Tysnes kommune sitt ubundne investeringsfond aukar med 3.227'. Disposisjonsfondet får tilført 315' med bakgrunn i endring av rekneskapsforskrifta.

Endring i bundne investeringsfond skuldast i første rekkje ekstraordinære innbetalingar på avdrag etableringslån. Det er elles små endringar i bundne driftsfond og disposisjonsfond.

Mindreforbruk/overskot

Mindreforbruket – overskotet i 2009 gjer at me får svært positiv utvikling på denne posten. Sum akkumulert overskot er på 8.302'. Tek me hensyn til meirforbruket – underskotet - på kr. 826' i 2008, er det positive talet **kr. 7.476'**.

Investering

Det var i 2008 og 2009 sett av midlar til ny barnehage. Bygginga er ikkje komen i gang. Derfor er lånemidlar til barnehagen omdisponert til nye prosjekt som ikkje var med i budsjettet, og til prosjekt der me har brukt meir midlar enn det budsjetterte.

Nye prosjekt som er komne inn i 2009 er:

Ny veg Vågsmarka
Ballbinge Lunde

Låneopptak 2009 til ny barnehage er på kr. 8.675.000

Midlar til ny barnehage og opprusting av Onarheim skule skulle etter budsjettvedtaket nyttast til å fullfinansiera ulike prosjekt. Midlane som var avsette til Onarheim skule utgjorde 2.360.000. Desse er avsette til utbygging av skulen.

Låneopptaket til ny barnehage er nytta slik:

Gravplass Tysnes kyrkje	kr. 1.391.214,04
Uggdal skule	kr. 3.317.964,26
Bustadfelt Lunde	kr. 273.983,19
Ny veg Vågsmarka	kr. 1.063.357,50
Edb skule	kr. 36.472,50
Utstyr kjøkken	kr. 73.592,63

Står att kr. 2.518.415,88

Prosjekta over er, med unnatak av Uggdal skule, ikkje ferdigstilte.

Konklusjon

Rekneskapen 2009 er oppgjort med eit mindreforbruk/overskot på kr. 4.759.035,84. Det er rett og slett fantastisk! Me kan ikkje sjå at Tysnes kommune nokon gong tidlegare har kome ut med eit så stort overskot!

Me ser at hovudgrunnane til det gode resultatet ligg i meirinntekt skatt/rammetilskot, mindre utgifter til renter og avdrag og samla sett mindre forbruk på etatane og i sentraladministrasjonen. - Me er svært glade for at etatane og sentraladministrasjonen samla sett har eit mindre forbruk enn føresett i budsjettet. Det vitnar om god og stram budsjett disiplin. Me trur nok óg at me ser ein del ”frukter” av blant anna innkjøpssamarbeidet i desse tala. Organisasjonen har gjennom samarbeidsåra gradvis vorte flinkare å bruka avtalane og etterkvart også vorte dyktigare på innkjøp!

Innstramingane som vart gjort i 2009 – budsjettet har óg i noka mon vore med å underbyggja det gode resultatet.

Det gode resultatet i 2009 gjer oss bra ”til sinns”, og gjev oss eit slags handlingsrom. Men overskotet løyser ikkje dei store utfordringane me har i åra framover dersom me skal gjennomføra gjeldande økonomiplan.

Me har ved fleire høve peikt på omlegginga av momsordninga som byrjar i år og skal vera ferdig i 2014. Frå 2014 vil all momskompensasjon på investering gå direkte attende til å finansiera investeringar. Men momsomlegginga betyr ikkje uvesentlege inntektsbortfall i det kommunale driftsbudsjettet!

Rammeoverføringane kan i åra framover verta reduserte på grunn av folketalssamansetjinga. Me har særleg i mente dei elevtalsprognosane oppvekstsjefen har redegjort for i innspelet sitt. Dette er ein realitet som me ikkje kan lukka augene for!

Kommunestyret har frå 2009 til 2010 blant anna auka driftsnivået innan pleie- og omsorg.

Dersom kommunestyret ikkje gjer utgiftsreducerande tiltak i dei tre siste åra i gjeldande økonomiplan – som å skyva ut nokre tyngre investeringar – kan me vanskeleg sjå annan utveg enn å gjera visse kostnadsdempande strukturendringar – mest sannsynleg i ein kombinasjon med auke i eigedomsskatten.

Framtidsperspektivet ser ikkje berre ljost ut! - Med ei samla gjeld på over 128 mill kr pr. 31.12.09, har låneportefølgjen vår etterkvart vorte i høgaste laget – og høgare skal han verta ifølgje gjeldande økonomiplan. Sjølv små renteendringar kan slå ut i heller store summar. Me vil gjerne noko på veg kunna sikra oss med gode kombinasjonar av fast – og flytande rente. Utfordringa vert å gjera dei ”riktige” grepa til rettast mogleg tid.

I vår kommune som i mange andre kommunar legg vedlikehaldet av store låneopptak og utgiftene til løner/sosiale kostnader kraftige demparar på handlefridomen. Skal me skaffa oss betre handlingsrom må me redusera driftsutgiftene helst i ein kombinasjon med auke i inntektene. Skal me lukkast med dette må me mest sannsynleg sjå på ein del hovudstrukturar. Teikn i tida kan og borga for meir interkommunalt samarbeid på ein del område.

Me har mange lovpålagde oppgåver som må løysast innan eit forsvarleg skjønn.

Til sjuande og sist er det kommunestyret som må sei noko om korleis dei vil løysa dei overordna oppgåvene som ligg til det lokale sjølvstyret.

Tysnes rådmannskontor, 26. mars 2010

Audun Hovland
rådmann

Knut Hollekim
økonomisjef

1. Årsrapport for sektorane

2.1 Sentraladministrasjonen

2.1.1 Organisasjon

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis à vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene

Sentraladministrasjonen er delt inn i rådmannskontoret og økonomikontoret. I delar av 2009 har begge kontora hatt stillingar i heil og delvis vakanse.

2.1.2 Politisk aktivitet

Tal saker til politisk handsaming

Utval	2005	2006	2007	2008	2009
Kommunestyre	63	56	104	62	59
Formannskap	111	100	109	133	115
Administrasjonsutval	-	-	12	15	15
Klagenemnd	-	-	-	-	-
Andre	6	13	43	22	62

2.1.3 Økonomisk resultat

Her viser me til tala som er lagde fram her i årsmeldinga, samt til rekneskapen for 2009.

2.1.4 Oppnådde resultat

Administrasjon og leiing

For å få meir ut av ressursane er me stadig på jakt etter betre måtar å løysa oppgåvene våre på. Målet er heile tida å finna ein balanse mellom budsjett, tenester og menneskelege ressursar. Dei ulike føresetnadene endrar seg rimeleg raskt og me må til ei kvar tid vurderer kva nivå me bør vera på for å gje gode nok servicetilbod.

Ein kommune er ein mangslungen organisasjon som har ansvaret for å få utført ei rekkje ulike oppgåver og funksjonar. – Det kan til tider vera vanskeleg å sjå for alle oss ca 330 tilsette at me arbeider i same verksemda. Dette har nok blant anna sin bakgrunn i at me arbeider med til dels svært ulike oppgåver. Me synest framleis å ha ein del å gå på før me tenkjer som ei verksemd, men me arbeider med dette og me er på rett veg. - Når det er sagt er Tysnes kommune heldigvis jamt over "velsigna med" dyktige og arbeidsame tilsette som gjer ein god jobb.

Vedtaksoppfølging

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak.

I årsmeldinga for 2007 nemnde me at nokre saker måtte skyvast ut i tid av blant anna kapasitetsgrunnar.

Me har ikkje fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar.

Generelt er det ofte slik at ein del oppgåver av heilt naturlege grunnar vert gjennomførte over fleire år. Me kjem kanskje oftast bort i det i ulike investeringsprosjekt, men det kan også gjelda meir driftsrelaterte forhold.

På investeringssida kan me berre nemna den nye fellesbarnehagen på Gjerstad. Alt låg i utgangspunktet vel til rette med frivillig grunnavståingsavtale o.a. Men i slike tilfelle med automatisk freda kulturminne, kjem det lokale sjølvstyret til kort. Og det vert umogleg for rådmannen å følgja opp vedtaka i det tempoet som kommunestyret gjerne har føresett og som sikkert mange utolmodige småbarnsforeldre hadde håpt og ønskt.

I årsmeldingane for 2007 og 2008 nemnde me at det hadde drege litt ut med ymse "korrupsjons- og etikkspørsmål" som skulle utgreiast. – Etter ein grundig gjennomgang i organisasjonen vart nye etiske retningslinjer vedtekne av kommunestyret tidleg i 2009.

Me har elles med oss oppfølginga som ligg i kommunestyrevedtak 35/08 – plan for selskapskontroll. Her er det blant anna føresett at nærare presiserte dokument årleg skal sendast til kontrollutvalet sitt sekretariat og kommunen sin revisor.

EDB

Datatilsynet stiller strenge krav til handsaming av sensitiv informasjon som t.d. pasientjournalar og barnevernssaker. Ulike statlege organ stiller krav til rapportering via IT-baserte fag-system av ymse informasjon gjennom KOSTRA og IPLOS. Dette gjer at me i mange høve må føreta investeringar og programvareoppdateringar som elles ikkje hadde vore naudsynte.

Strenge statlege krav til organisering av NAV – kontoret, gjorde at me brukte mykje pengar på datainvesteringar innan dette området i 2009.

Etter budsjettføringane som vart lagde hausten 2009 er me no i gang med å få på plass e-post-integrering og scanning m.v. Dette gjev oss betre grunnlag opp mot utsending av totale digitaliserte løysingar.

Me har både formelt og uformelt samarbeid med andre kommunar innan fleire område. Eitt område er kart på nettsidene. Saman med 18 andre kommunar i Nord-Rogaland, Sunnhordland og Hardanger har Tysnes kommune lagt ut tekniske kart på internett på www.fonnakart.no.

Personal

Arbeidsmiljøutvalet hadde 4 møte og 19 saker til handsaming i 2009.

Våren 2009 vart det gjennomført ei kompetansekartlegging i heile organisasjonen. I høve til oppfølging av kartlegginga er den delt mellom den einskilde arbeidsplass, etat og på eit overordna nivå er det tariffkrav om drøfting med organisasjonane innan utløpet av april d.å.

Etiske retningslinjer for Tysnes kommune vart vedtekne i starten av 2009 og me har også hatt eit fokus på korleis me kan sikra ei betre oppfølging av desse gjennom kvardagen.

Som eit ledd i arbeidet med oppfølging av medarbeidarundersøkinga frå 2007 er det innført to møte i utvida leiargruppe per år. Dette er eit tiltak som tek sikte på å styrkja den totale leiinga i verksemda gjennom å gjera avstanden mindre mellom den administrative toppleiinga og leiarar ved den einskilde arbeidsplass.

I 2009 vart det gjort ei undersøking av omfanget av uønska deltid. Rundt 15 % av dei som har eit tilsetjingstilhøve i Tysnes kommune opplever uønska deltid, gjennomsnittleg stillingsstorleik for denne gruppa er 57,4 %. Berre 50 % av dei som opplever uønska deltid ønskjer 100 % stilling. Det er i første rekkje ufaglærte og fagarbeidarar innan oppvekst og pleie- og omsorg som har uønska deltidsarbeid, desse gruppene utgjer samla 90 % av dei som oppgjev at dei har mindre stillingsbrøk enn dei ønskjer seg. I 2009 vart det avskipa to delstillingar, ei full stilling vart redusert og 5 delstillingar vart utvida, i sum vart gjennomsnittleg stillingsbrøk auka gjennom dei stillingsendringane me gjennomførte i førre år.

Praksis rundt mellombelse tilsetjingar i barnehagane har vore til vurdering, dette har ført til at fleire stillingar har vorte faste. Dette betyr mellom anna at tilsette som er knytte til særskilde brukarar i større grad også må følgja borna over til skulen, ein annan konsekvens er at me kan få fleire oppseiingar som følgje av endringar i behov. Trass i dette vert det ryddigare og meir stabile tilsetjingstilhøve som følgje av endringa.

I haust har me gått gjennom reglement for påskjøning og gjort nokre justeringar, me har prøvd å laga ein litt enklare struktur for oppfølging av tilsette for lang og tru teneste.

Sjukefråværet gjekk vesentleg opp i 2009 og enda på 7,9 % for heile verksemda, gjennomsnittet for alle kommunar i Noreg ligg på 9,6 %. Nær 60 % av det samla fråværet vårt er knytt til langtidsfråvær utover 56 dagar. - Me må arbeida betre med den individuelle oppfølginga i året som kjem. I tillegg til eit framleis fokus på oppfølging av langtidsfråværet, vil me prøva å oppmoda om meir bruk av eigenmeldingar i den perioden der det er mogleg.

Likestilling

I Tysnes kommune er 82 % av dei tilsette kvinner, kjønnsfordelinga vert enno skeivare når me ser til ulike avdelingar og på ulike nivå i verksemda.

I sentraladministrasjonen er kvinndelen 55 %. I oppvekstetaten er det interessant å merkja seg at det i barnehagane er ein kvinndel på 100 %, innanfor skulen er kvinndelen 65 %. For etaten samla er kvinndelen 79 %. I helse- og sosialetaten er kvinndelen 93 % med interne skilnader mellom ulike yrkesgrupper. I landbruk- og teknisk etat er kvinndelen 19 %.

På avdelingar med meir enn 5 tilsette utgjer kvinnelege leiarar 77 %, kvinner er underrepresenterte i administrativ toppleiing.

Månadsforteneste for kvinner korrigert for arbeidstakargruppe og stillingskode svarar per 01.12.08 til 97 % av månadsforteneste for menn. Korrigert for utdanning svarer kvinners månadsforteneste til 95 % av menns månadsforteneste i same periode. Korrigert for alder og ansiennitet utgjer månadsforteneste for kvinner 87 % av tilsvarande fortенeste for menn. Lønsskilnadene mellom kvinner og menn har vorte mindre i perioden frå 2006 til 2008.

Kvinner hadde ein vekst i månadsforteneste på 7,7 % frå 2007 til 2008, medan menn i tilsvarande periode hadde ein vekst på 5,5 %.

Ei jamnare kjønnsfordeling mellom nivå, etatar og avdelingar vil verka til å minska skilnader i månadsforteneste.

Sjukefråvær for kvinner i perioden f.o.m. 4. kvartal 2008 til og med 3. kvartal 2009 utgjer i alt 7,8 % medan tilsvarande for menn var 5,1 %.

Kvinner tek i større grad ut permisjon enn menn, det gjeld særskilt svangerskap- og omsorgspermisjon. Når det gjeld uløna permisjon er det ganske lik kjønnsdeling, og for permisjon i samband med sjuke born er det ingen skilnader mellom kjønna.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik var 68,61 % for kvinner og 86,95 % for menn.

Innkjøp

Me har frå 1996 hatt ei interkommunal innkjøpsordning med kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord. Kommunane har etablert eit samarbeid mot Haugalandet, Hardanger og Hordaland fylkeskommune. Det utvida samarbeidet har gjort sitt til at dei fem kommunane har fått etablert avtalar som elles ikkje ville vore mogeleg å oppnå.

Det vert stadig større fokus på offentlege innkjøp med omsyn til regelverk, innsyn etc. Dette krev at innkjøpa i den enkelte kommune fungerer etter intensjonane i lovverket. Alle kommunale innkjøp skal i utgangspunktet konkurransutsetjast.

Kommunane i innkjøpsarbeidet har vedteke felles innkjøpsstrategi og har felles innkjøpsrett-
leiar. Dette har gjort samarbeidet over kommunegrensene enklare.

Det har også i 2009 vorte skjerping i krav til offentlege innkjøp. Frå 1. januar 2009 fekk me ny
offentleglov som ikkje skjermar kommunen sine forretningsforhold på same måte som tidle-
gare. I utgangspunktet er alle forhold knytt til kommunen sine innkjøp offentlege, men med
utsett offentlegheit i anbudsprosessar. Det er elles sett strengare krav til etikk og miljø. Kom-
munane er oppfordra til å vera føregangs ansvarlege forbrukarar, og etterspørja miljøvenlege
varer og varer som er tilverka etter høge etiske krav og sosiale standardar.

Kommunane i innkjøpssamarbeidet i Sunnhordland har eit samla årsbudsjett på ca 2 mrd. kro-
ner. Av dette er 20 % innkjøpte varer og tenester, dvs. ca 400 mill kr årleg.

Innkjøpssamarbeidet forvaltar ca. 75 avtalar fordelte på ca 50 varegrupper. Avtalane repre-
senterar ein verdi på ca ein milliard kroner over ein fireårsperiode. Talet på rammeavtalar
auka, og stadig fleire produkt kjem inn under desse. I 2009 vart det etablert 18 nye rammeav-
talar, av dette 4 på nye varegrupper.

Tysnes kommune vert stadig flinkare på innkjøp. Innsparingane for kommunen er betydelege
og dette har vore med på å bidra til eit godt resultat for Tysnes kommune i 2009. Nye avtalar
bl.a. på kopimaskiner og toner til printarar har halvert kostnadene for kommunen på desse
produkta. Også nye avtalar på kontorrekvisita og fritt skulemateriell har redusert kostnadene
vesentleg.

Tysnes kommune kjøper varer og tenester for bortimot 50 mill i året. Av desse er ca 25 mill
varer og tenester som er kjøpt av typisk konkurranseprega produkt. Ein reduksjon i prisen på 1
% vil dermed gje kommunen ei innsparing på 250.000.

Innkjøpsordninga kostar Tysnes kommune ca. 40.000 pr. år i tillegg til ca. 5 % stilling ved
økonomikontoret.

Eit satsingsområde framover vert fakturakontroll opp mot etablerte rammeavtalar.

Eigedomsskatt

Tysnes kommunestyre vedtok i 2008 å innføra eigedomsskatt i heile kommunen. I budsjett-
møte desember 2008 vart det vedteke at eigedomsskatten skulle vera 2 promille, det skulle
ikkje gjevast botnfrådrag og nye husvære skulle få fritak i 5 år frå ferdigstillingsdato.

Dermed fekk administrasjonen eit stort takseringsarbeid som MÅTTE vera ferdig innan 30.
juni 2009.

Tysnes kommune oppretta ein prosjektorganisasjon som fekk i oppdrag å innføra eigedoms-
skatt i 2009. Prosjektorganisasjonen var Helge Drange som leiar og Vibeke Stoltz, Astrid Hel-
dal og Nils Eivind Hansen som deltakarar. Dette var samtidig eigedomsskattekontoret fram til
15.09.09.

Tysnes kommune hadde ikkje dataprogram for forvaltningssystem – brann, tilsyn, renovasjon,
slam eller eigedomsskatt frå før. Å skaffa desse programma starta tidleg på hausten med anbod

på Doffin. Programma skulle vera ferdig installerte medio februar 2009 inkl. opplæring av alt personell. Dette la føringar for heile prosjektet. Synfaring av eigedomar kunne ikkje ta til før eigedomsskatteprogrammet var på plass. Me fekk engasjert 7 synfararar. 5 av desse var med heile tida og det vart gjort eit formidabelt arbeid. - I utgangspunktet hadde me kalkulert med 12-15 synfararar. Men så mange fekk me ikkje tak i sjølv med fleire utlysingar. Det resulterte i at me måtte leiga inn eit firma til å synfara gnr. 88-102 for å rekka tidsfristane.

Det viste seg at det var god kvalitet på data som dei registrerte. Me hadde fleire fellesmøte med synfararane for å kalibrera arbeidet som dei gjorde. Det var viktig at eigedomane vart likt vurderte uavhengig av synfararar.

Det viste seg også ganske tidleg at Statens Kartverk sitt GAB-register (Matrikkel) over eigedomar i Tysnes kommune var noko mangelfullt. – Dette resulterte i at me i samband med innføringa fekk ei god oppdatering av GAB-registeret – noko som er ein positiv sideeffekt som me vil ha stor nytte av frametter.

Me sit no att med eit svært godt register over eigedomar/bygningar på Tysnes. Saman med eit biletarkiv på ca. 12.000 bilete vil dette vera ei god hjelp ved framtidig sakshandsaming.

Tysnes kommune leigde inn eigen takstmann til synfaring/taksering av verk og bruk i kommunen. For første gang skulle oppdrettsanlegg få eigedomsskatt i Noreg. Her var Tysnes kommune aktivt med i arbeidet med KS sin rettleiar for taksering av flytande oppdrettsanlegg.

Tysnes kommune meldte seg også inn i KS sitt eigedomsskatteforum og fekk gjennom dette tilgong til uvurderleg advokathjelp.

Me opplevde forholdsvis få negative tilbakemeldingar undervegs. Ei årsak til dette var at politikarane hadde gjort klare og ryddige vedtak. I tillegg gjorde prosjektgruppa eit godt arbeid.

Det var eit krevjande prosjekt å gjennomføra og det vart mykje meir omfattande enn nokon i kommunen hadde tenkt. Likevel klarte me å gjennomføra prosjektet med god kontroll mykje takka vere ei god arbeidsgruppe med egne tilsette og innleigd personell. I ein periode var det 12 personar i arbeid samtidig.

Arbeidet med innføringa av eigedomsskatt måtte prioriterast, og i periodar måtte andre tilsette utover dei i prosjektgruppa "trå til". Me veit at andre viktige oppgåver i administrasjonen måtte vika til fordel for eigedomsskattearbeidet og den absolutte fristen pr. 30. juni 2009.

Takka vera god innsats og godt samarbeid vart det innført eigedomsskatt i Tysnes i 2009! – Men det står framleis att eit godt stykke arbeid i høve ein del klagesaker og anna meir vedlikehaldsrelatert arbeid.

Beredskap

Etter fylkesmannen sitt tilsyn i 2007 fekk me både i 2008 og i 2009 ajourført fleire av dei sentrale beredskapsplanane våre.

I september 2009 var det ei statleg styrt atomberedsakspøving over to dagar, og i desember 2009 vedtok kommunestyret vår første atomberedsaksplan.

Frå august 2009 har konsulentstillinga på rådmannskontoret som dei siste 10-12 åra har vore tillagt beredskapsfunksjonar, stått i vakanse. Stilingsinnehavarane har blant anna vore kommunen sine kontaktpersonar og koordinatarar opp mot fylkesmannen sin beredskapsavdeling. Ei av oppgåvene har vore å vera med fylkesmannen sine folk under førebuingane til dei ulike beredskapsøvingane som med jamne mellomrom vert haldne.

Økonomikontor

Økonomikontoret har ansvar for kommunen sine økonomifunksjonar; herunder budsjett, rekneskap, skatt, løn og rapportering.

Økonomisjefen hadde permisjon eitt år frå medio september 2008 for å jobba hos HSH. – IT – leiar Teigen var konstituert som økonomisjef dette året. Det var isolert sett greitt. Men det viste seg straks at han også i stor grad måtte fylla IT – leiarfunksjonen. Dette var ingen ideell situasjon. – Det var derfor ei lukkeleg løysing for oss alle då Knut Økonomisjef valde å returnera til oss og si faste stilling når dette året var omme!

Flyktning/innvandring

Kommunen har i 2009 ikkje fått førespurnad frå Utlendingsdirektoratet om å busetja flyktningar. Me har ansvar for innvandrarak som kjem til kommunen med oppfølging, registrering og vedtak i Nasjonalt introduksjonsregister.

Næring

Det var generelt bra aktivitet i verksemdene i kommunen i 2009.

Det er vidare gledeleg å sjå byggeaktiviteten i bustadmarknaden – både på det private plan, men óg opp mot utleige og sal av einingar.

Konsulentstillinga som er i vakanse ved rådmannskontoret har føringar ”i botnen” om at ca 50 % av stillinga skal vera ”øyremerkt” næringsrelatert arbeid.

Tiltaksprosjektet vart avslutta ved utgangen av 2009.

Uansett prosjekt eller konsulentar er det ein realitet i vår kommune at ordføraren oftast vert den viktigaste "ambassadøren" for næringslivet og deira aktivitetar.

Kultur

Sentrale oppgåver er m.a. tilskotsordningar, kulturvern, kulturformidling, generelt kulturarbeid, friluftsliv, reiseliv, planarbeid og koordinering.

Barne- og ungdomsarbeid

Kommunen deltok med innslag under Ungdommen si kulturmønstring under fellesmønstringa for Tysnes, Fitjar, Bømlo og Stord.

Tysnes ungdomsråd vart oppretta, rådet har hatt fleire møte og planlegg ny ungdomsklubb i Våge. Rådmannskontoret har sekretærfunksjonen i ungdomsrådet.

Kulturformidling

Kommunen gjev stønad til lag og organisasjonar til ulike tiltak. – "Forenkla" leigeavtale med Årbakka Handelsstad vart inngått i 2009.

Idrett

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, planarbeid, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar, søknader og alt sekretærarbeid for Tysnes Idrettsråd. Spelemidlar vart tildelt Kjevika friluftsanlegg, Solstråleøya friluftsområde og Løkjen langrennsanlegg.

Generelt kulturarbeid

Følgjande tilskotsordningar vart handsama og midlar fordelte:

Rentestønad, oppstartingsstilskot, kulturmidlar, underskotsgaranti, leiaropplæringsmidlar og midlar til ungdomslaga. "Tysnesfest" fekk direkte tilskot/stønad til marknadsføring.

Det er viktig at me sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at me stimulerer laga til å læra opp leiarar.

I 2009 deltok kommunen med 3 arrangement under Kystsogevøkene.

Kommunen har delteke på reiselivsmesse og vore representert i styringsgruppa og arbeidsgruppa for reiseliv i Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Vidare har me koordinatorarbeid for Kystsogevøkene og kulturarbeidsgruppa. Det har òg vore ein del samarbeid med samfunnsutviklar og prosjekt 3012.

Ny turistbrosjyre "Tysnesguide" vart produsert og fellesbrosjyren for Sunnhordland vart oppdatert.

Det langsiktige arbeidet bør gå mot kulturbasert næring/reiseliv, kulturminne og planarbeid.

Kulturvern

Kommunen gjev stønad til prosjekt etter søknad.

Kulturminna treng jamleg skjøtsel og vedlikehald og tilrettelegging for publikum. Parkeringsplass i Uggdalsdalen må følgjast opp etter at saka er ferdig handsama hos Statens vegvesen.

Tysneshallen

Tysneshallen har framleis høg aktivitet. Faste treningar går fem kveldar i veka, i alt ca. 27 timar. I tillegg kjem aktivitet og kampar i helgene. På dagtid fyller elevar hallen mest alle skuletimane. Seniordansen har to timar om onsdagen, og oppslutninga om denne aukar. På det meste er dei 40 personar frå så godt som heile kommunen.

Aktivitetar. Handball, fotball, dans, volleyball, hockey, aerobic, spinning og bowling.

Spinning hadde i 2009 stor aktivitet med opp til tre økter i veka. Interessa for bowling har avteke, men bedriftsturneringa har denne vinteren 17 lag med.

I sommar måla me korridoren og ein del i vestibylen. Det vart også kjøpt inn ein del utstyr. Det er lite øydelegging i hallen. I skuletida følgjer lærarane godt med, og på kveldstid er det stort sett god disiplin.

Det kommunale tilskotet vart for 2009 redusert til 321 000. Rekneskapen syner eit underskot på knapt 50 000 som vert teke av opparbeidd fond.

Bibliotek

Tysnes folkebibliotek har i 2009 vore bemanna med 67 % stilling. Biblioteket har basert seg på å halda ope på kveldstid, då det er mest aktivitet i Tysneshallen, men held også ope på dagtid to dagar i veka.

Eit hovudmål i 2009 var å auka bokutlånet, som var på totalt 5598 bøker og andre medium mot 4972 året før - altså ein god auke. Bruken av biblioteket har i dei siste åra gått jamnt opp, nye låntakarar har kome til og det er all grunn til å tru at også utlånstala framleis vil auka som følge av ei langsiktig satsing på biblioteket sine tilbod. Biblioteket har vorte ein viktig ”miljøfaktor” i Tysneshallen og er eit populært treffpunkt for mange ungdommar. Ut frå dei ressursane som har vore tilgjengelege for biblioteket, er det rimeleg grunn til å vera nøgd.

Verksemda vil i hovudtrekk halda fram som før. I 2007 vart det innleia samarbeid mellom Tysnes folkebibliotek og dei seks andre folkebiblioteka i Sunnhordland, m.a. for å utnytta dei felles ressursane betre. Dette samarbeidet har halde fram i 2008 og 2009, med gode resultat. Det lokalhistoriske aspektet vert ei hovudsatsing for biblioteket frametter, i samarbeid med Tysnes Sogelag – då særleg med tanke på å gjera den lokalhistoriske biletsamlinga tilgjengeleg for ålmenta. Sjølv om det vil vera naturleg for biblioteket å byggja opp og disponera ei lokalhistorisk samling, er me likevel avhengige av eksterne midlar til ei slik drift.

Eit viktig steg mot ei betra bibliotekdrift må vera å auka mediabudsjettet og modernisera det totale tilbodet. Sjølv om biblioteket har flytta inn i moderne lokale er det framleis utstyrsmessig eit av dei dårlegaste i fylket – dette gjeld i første rekkje hyller. Det er såleis å ønskja at me kan få løyvd pengar til nye hyller for å betra lagringskapasiteten, samt anna turvande utstyr. I 2009 vart det såleis innleia arbeid med ein ny bibliotekplan.

Friluftsliv

Kommunen er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. BOF held vedlike 10 område.

Rydding, merking og vedlikehald av dei mest nytta turstigane vart ikkje utført i 2009. Det er viktig at vedlikehald vert prioritert vidare t.d. med tilskot til lag og organisasjonar.

2.1.5 Samla vurdering

Sentraladministrasjonen har også i 2009 drive med reduserte ressursar. Ein del av reduksjonen var bevisst opp mot å spara lønsmidlar, medan noko av ressursreduksjonen skuldast sjukdom

og andre permisjonar. Tiltaksprosjektet har óg, saman med innføringa av eigedomsskatt, ”ete” ikkje ubetydeleg av dei eksisterande stillingane og sekretariatet.

Oppgåvene står ”i kø” og nye utfordringar dukkar stadig opp. Me er velsigna med politikarar som vil og ønskjer mykje; ja, ofte betydeleg meir enn det som realistisk og på ein fagleg for-svarleg måte let seg gjennomføra. Dette kan til tider vera meir spanande enn det ”smaker”! - Men om me ikkje alltid klarer å halda tidsfristane i forvaltingslova, sørgjer dyktige og arbeids-same tilsette for at ”hjula” stort sett går rundt som dei skal. – Det ligg stor sanning i det gamle ordtaket om at ”arbeid er ein velsignelse!”

2.2 Undervisning

2.2.1 Organisasjon

Ansvarsområdet for skulekontoret har også i 2009 vore:

- ◆ grunnskulane m/sfo
- ◆ barnehagane
- ◆ kulturskulen
- ◆ vaksenopplæringa

Grunnskulen

Ved utgangen av 2009 har kommunen 5 skular, 3 med elevar på 1.- 6. klassesteget, 1 med ele-var på 1.- 4. klassesteget og 1 med elevar på 5.-10. klassesteget.

Ved årsskifte 2009/10 var det totalt 340 elevar i grunnskulane i Tysnes, 234 på barnesteget og 106 på ungdomsteget.

46 elevar gjekk ut av 10.klasse våren 2009, og 32 elevar tok til i 1.klasse hausten 2009.

Tabellen nedanfor syner utviklinga av elevtalet på dei ulike skulane dei fire neste skuleåra med utgangspunkt i vedteken struktur, seinast vedtak om samanslåing av opptaksområda for Uggdal og Tysnes skular.

	haust 09	haust 10	haust 11	haust 12	haust 13	haust 14
Lunde skule	28	22	21	22	24	19
Onarheim skule	27	22	21	18	17	12
Reksteren skule	10	10	8	5	4	3
Tysnes skule	92	90	81	65	65	71
Uggdal skule	77	80	77	76	72	73
Sum barneskulane	234	224	208	186	182	178
Ungdomsskulen	106	114	109	119	115	100
SUM:	340	338	317	305	297	278

Barnehagen

Ved utgangen av 2009 hadde 110 barn plass i barnehagane i kommunen. Dette utgjer 87,9 % av alle barn i førskulealder (f. 2003 – 2008).

Det er 35 barn under 3 år i barnehagane, av totalt 52 born i kommunen. (67,3 %).

I aldersgruppa 3-5 år er det 75 born i barnehage (av totalt 76). (99 %)

Dekningsprosenten har auka det siste året. Jfr tabellen nedanfor. Det ser òg ut til at me går mot ein auke i 2010.

Deknings-grad	2005	2006	2007	2008	2009
Under 3 år	63 %	61%	60 %	60 %	67,3%
Over 3 år	100 %	98%	99 %	99 %	99%
Totalt	85 %	84%	84 %	84 %	87,9%

Med utgangspunkt i fødselstala dei siste seks åra, tek me med ein tabell som syner barnetalet fordelt på krinsar:

Fødselstal	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Lunde	1	4	3	4	5	2
Onarheim	1	5	3	2	4	2
Reksteren	1	0	1	0	0	0
Tysnes	11	8	9	8	13	14
Uggdal	8	7	10	10	7	9
SUM	22	24	26	24	29	27

Årsverk og tilsette

I barnehagane har me hatt ca. 29 årsverk. I skulane har det vore til saman ca. 62 årsverk.

Dette inkluderer både pedagogisk personale (ca 46 årsverk) og assistentar (ca 16 årsverk).

2.2.2 Politisk aktivitet

Tal saker til politisk handsaming

Utval	2005	2006	2007	2008	2009
Oppvekst/omsorg	8	12	15	33	28
Kommunestyret	3	3	3	8	0

Sjølv om tal saker til kommunestyret står oppført med 0, har det vore gjennomført ein generell debatt om innhaldet i Tysnesskulen.

Når et gjeld oppfølging og effektivering av politiske vedtak, meiner me at alle vedtak er følgde opp etter føresetnaden.

2.2.3 Økonomisk resultat

Rekneskapen for 2009 viser at kapittelet brukte kr. 42 518 530 av eit revidert budsjett på kr. 44 391 512. Dette betyr at etaten kjem ut med eit solid overskott i 2009. Overskottet skuldast at me i 2009 fekk full kompensasjon for lønsoppgjeret, medan me t.d. berre fekk ein svært liten del kompensert i 2008. Vidare har bassenget vore stengt heile hausten, og kostnadene til skyss har dermed falle bort. På området for vaksenopplæring har me i tillegg fått auka statstil-

skott som følgje av at me kom over fire personar som har rett til opplæring i norsk og samfunnsfag. Dette medførte ein meir enn dobling av statstilskottet, og overskottet på dette området er på over 400 000 kr. Det er likevel ikkje ynskjeleg å koma ut med overskott når ein veit at det er sterkt behov for ressursar til mel. lærebøker, innbu/utstyr, skulebibliotek m.m. Det vert elles synt til rekneskapen for 2009.

2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram

Etaten utarbeidde i løpet av 2008 ein ny strategiplan for utvikling av skular og barnehagar i kommunen. Planen vart vedteke i oppvekst/omsorg og i kommunestyret, og er retningsgjevande for utviklingsarbeidet dei næraste åra.

Så langt er ein kome godt i gong med oppfølging av denne planen som vert rullert kvart år. Særleg viktig er satsinga på den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa. På dei nasjonale prøvane har elevane i Tysnes kome dårleg ut i høve til landsgjennomsnittet, men me kan notera ein klår framgong i 2009. På 5. steget er det framgong i alle faga som elevane vert prøvde i (lesing, rekning, engelsk). Kommunen ligg no over landsgjennomsnittet i engelsk, medan me framles ligg litt under i norsk og rekning.

På 8. steget ligg kommunen over landsgjennomsnittet i engelsk og rekning, medan me ligg på gjennomsnittet i lesing. Både når det gjeld engelsk og lesing kan me notera klår framgong frå dei føregåande åra.

2.2.5. Fråver

Sjukefråver	2007	2008	2009
Skular	4,3 %	3,9 %	4,9
Barnehagar	8,1 %	4,5 %	9,1
Totalt	5,2 %	4,0 %	6,9

Sjukefråver er noko som kostar det norske samfunnet milliardbeløp kvart einaste år sjølv om Tysnes kommune tradisjonelt sett har kome svært godt ut på statistikkane.

I samband med etter måten høge tal for barnehagesektoren i 2007 vart det sett i gong eit delprosjekt innafor kvalitetskommuneprogrammet for å jobba med å få ned sjukefråveret i barnehagane. Me kunne notera ein klår nedgong i 2008, men 2009 syner på ny ein kraftig auke. Også på skulesektoren har sjukefråveret auka slik at totalen no er oppe i 6,9 %. Etaten vil ha fokus på dette i året som kjem sjølv om ein ikkje kjem spesielt dårleg ut i landsmålestokk.

Grunnskulen

- Den vedtekne strategiplanen for utvikling av skular og barnehagar har vore styrande for utviklinga det siste året. Det er meininga at denne planen skal justerast og rullerast kvart år før ny plan vert vedteke ved utgangen av fireårs-perioden.

I det andre året i inneverande periode vil oppvekstsjefen særleg trekka fram satsinga på grunnleggjande lese- og skriveopplæring. Prosjektet leselyst og skriveglede starta opp hausten 2008 og skal i løpet av dei næraste åra utvidast til å omfatta både barnehagane og heile skuleløpet. I første omgang var det barnehagen og 1. og 2. årssteg som vart omfatta av prosjektet, men i 2009 kom 3. og 4. klasse også med. Lærarane på desse årsstega vart

kursa ved oppstart av skuleåret, og det er oppretta nettverk der dei same lærarane kan møtast jamnleg til erfaringsutveksling undervegs i prosjektet. Når prosjektet vert utvida til å omfatta også 5. til 7. årssteget frå og med hausten 2009, vil det bli lagt opp til kursing av nye lærarar som då vert delaktig i prosjektet. Nettverksmøta vil òg bli vidareførte.

- *Digital kompetanse.*

I løpet av 2009 har oppvekst/omsorg vedteke ny plan for IKT i skulen og eigen plan for utvikling av IKT i barnehagen. Ut over dette har det vore jobba godt på denne sektoren i 2009.

- *Plan for kompetanseutvikling.*

Det vart utarbeidd ein handlingsplan for kompetanseutvikling i Tysnes-skulen i 2008. Denne planen gjev grunnlaget for utbetaling av midlar øymerka for kompetanseutvikling i skulen. I 2009 fekk kommunen tilført kr. 159 233 av slike midlar. I tillegg har kommunen fått kr. 50 000 til vikarutgifter i samband med den nye vidareutdanninga for lærarar. I denne ordninga har kommunen med einlærar som tek vidareutdanning i engelsk.

- *Innkjøp av nye lærebøker.*

Me har teke eit steg vidare når det gjeld innkjøp av nye lærebøker etter Kunnskapsløftet. Dette året har skulane fått tilført til saman kr. 300 000 i ekstra midlar til dette føremålet. Likevel er det framleis eit godt stykke att før me er i mål, og innsatsen på dette området held fram i 2010.

- *Skulevurdering*

For å ivareta kravet i § 2 i forskrift til opplæringslova om skulevurdering, har kommunen gått inn for å slutta seg til eit regionalt samarbeid på dette området. Dette samarbeidet kom i funksjon hausten 2004. Hausten 2009 vart Uggdal skule vurdert, og rapporten var svært positive med omsyn til kvaliteten på det arbeidet som vert utført på denne skulen.

- *Spesialundervisning.*

Omfanget av spesialundervisning etter enkeltvedtak i skulane i Tysnes ligg høgare enn landsgjennomsnittet. Totalt fekk 34 elevar slik undervisning i 2009 inklusiv ein elev heimehøyrende i vår kommune som får undervisningstilbodet sitt i Karmøy kommune. (I tillegg vart det gjeve spesialundervisning til ein elev heimehøyrende i Tromsø kommune.) Dette utgjer 10 % av elevmassen medan landsgjennomsnittet ligg på mellom 6 og 7 %. Det er likevel ei nedgong på ein halv prosent frå 2008.

- *Klagesaker.*

Etaten har ikkje hatt klagesaker i 2009.

Skulefritidsordning

- *Målsetjing: Oppretthalda tilbodet på flest moglege skular.*

I 2009 har det vore skulefritidstilbod ved alle skulane i kommunen, utanom Tysnes. Ved utgangen av året var det ca. 44 elevar i kommunen som nytta seg av SFO-tilbodet. Dette utgjør ca. 38 % av elevane i småskulen. Det har òg vore gitt tilbod om SFO i vinterferien og haustferien dette året.

Kulturskule

- *Mål: Utvida tilbodet til fleire uttrykk.*

Aktivitetsnivået i kulturskulen var i 2009 omtrent som i 2008. Totalt fekk 53 elevar undervisning noko som utgjør 15,5 % av elevmassen i grunnskulen. Tek me med at ein klasse (18 elevar) på Uggdal skule får opplæring i kornettspel i regi av kulturskulen som ei prøvordning i staden for blokkfløyte, og at kulturskulen har ansvar for eit skulekor på same skulen (alle elevane), vert dette talet betydeleg høgare (ca 38 %). Dette prosjektet har så langt vore svært vellukka, og det er planar om å vidareføra opplegget til andre skular i kommunen.

Det har elles vore undervisning på: piano (16 elevar), gitar (20), song (4) og messing (13).

Kulturskulen sel òg timar til kor og korps. (Tysnes Kammerkor, Onarheim musikklag, Tysnes skulekorps).

Det har vore arbeida med å utvida tilbodet i kulturskulen, og dette har medført at ein i 2009 også har gjeve ballett/jazzballettundervisning i vårhalvåret. På hausten var det for få søkjarar, men ein vil prøva å få relansert dette tilbodet ved eit seinare høve. Det er elles grunn til å merka seg at gitar etterkvart har blitt eit svært populært instrument med mange elevar. Totalt sett betyr dette at ca 210 personar møter kulturskulen gjennom desse tiltaka kvar veke.

Det vart elles nedsett ei arbeidsgruppe i 2009 for å sjå nærare på drift og utvikling av kulturskuletilbodet i kommunen. Denne gruppa er godt i gong med arbeidet og vil leggja fram ein rapport før sommarferien.

Det er elles slik at kulturskulen heller ikkje i 2009 har hatt tilgong til eige lokalar. Dette gjer det svært vanskeleg å utvikla eit godt fagmiljø. Skal me kunne utvikla kulturskulen vidare, er det heilt nødvendig å få gjort noko på dette området.

Vaksenopplæring

- *Tilbod om norsk m/samfunnskunnskap til flyktningar og innvandrarak*

Medan det var lite aktivitet på dette området i 2008, har aktiviteten teke seg opp att i 2009. I alt har 5 personar fått opplæring i norsk og samfunnsfag hausten 2009 i tillegg til at det òg har vore gjeve undervisning til arbeidsinnvandrarak. Dette siste ligg imidlertid utanfor etaten sitt ansvarsområde.

Økonomien på dette området har vore svært god i 2009 ettersom statstilskottet vart dobla. Årsaka til dette er ei omlegging av systemet for statstilskott som slo godt ut for Tysnes kommune i og med at me kom over 3 elevar i vaksenopplæringa. Dermed kjem òg dette området ut med eit overskott på ca 400 000 kr. i 2009.

Barnehage

Det vert drive mykje godt arbeid i barnehagane. Det er særleg grunn til å peika på det arbeidet som har vore gjort innafor prosjekt leselyst og skriveglede. Sjølv om barnehagane ikkje driv direkte lese og skrive opplæring, er det grunnlaget som vert lagt på dette området i barnehagen svært viktig med tanke på korleis borna vil utvikla seg i åra etterpå.

Ein har no fått systematisert dette arbeidet på ein slik måte at det kan nyttast av alle barnehagane i kommunen.

Etter fleire år med mykje utskifting av styrarar i Onarheim barnehage, valde ein å gå for ei løysing der styrarstillingane i Lunde og Onarheim barnehage vert kombinerte. Dette har vist seg å fungera svært godt for Onarheim sin del, og personalet har gjeve utelukkande positive tilbakemeldingar på tiltaket.

- *Kapasitet.*

I 2009 opplevde me at me ikkje hadde nok plass til alle som søkte. Men på grunn av at foreldra no har rett til barnehageplass, vart det oppretta ei ny avdeling for femåringane på Uggdal skule. Dette er ei naudløysing i påvente av at kommunen skal få på plass ein ny sentralbarnehage, men ordninga har fungert tilfredsstillande. Ettersom den nye barnehagen ser ut til å dra ut i tid, vil dette tilbudet bli vidareført i 2010. Det er likevel mange nye utfordringar rundt dette med å ha ei ekstern avdeling. Det er og mange nye utfordringar rundt i barnehagane pga av mange små barn og dermed ein heilt ny barnehagekvardag. Dette har vore ei stor omvelting for mange av dei eldre arbeidstakarane. Hausten 2010 må me til med nok ei avdeling. Dette pga av stor søknad og retten foreldra har til barnehageplass.

- *Vurdering av barnehagestrukturen i kommunen.*

Etter at utvalet som vurderte framtidig barnehagestruktur i kommunen konkluderte med at det skulle byggjast ein ny sentralbarnehage som erstatning for dei tre barnehagane Myklestad, Vågsmarka og Lunde, og kommunestyret følgde opp med gyldig vedtak, har lite skjedd i denne saka. Grunna problem med fornminne, er det framleis usikkert kvar tid ein kan starta opp arbeidet med ny barnehage.

Det er inga grunn til å leggja skjul på at det som følgje av dette har breidd seg ein god del frustrasjon blant personalet i dei berørte barnehagane. Det er difor god grunn til å håpa på at denne følgjetongen snart tek slutt.

- *Plan for kompetanseutvikling.*

Det er utarbeidd plan for kompetanseutvikling i barnehagen. Denne planen gav grunnlag for utbetaling av kompetansemidlar i 2009. Totalt mottok kommunen kr. 22 605 i kompetansemidlar dette året.

- *Utvikling av digital kompetanse i barnehagane.*

Av gjeldande strategiplan går det fram at det skal satsast på å auka den digitale kompetansen til barnehagepersonalet. Hausten 2008 vart det sett i gong opplæring for det pedagogiske personalet tilsvarande det som lærarane gjekk gjennom i 2007, og alle pedagogane har gjennomført opplæringsprogrammet LIKT. I 2009 vart det òg vedteke ein IKT-plan for barnehagane. Alle avdelingane har no fått ein PC til bruk i lag med borna. Det gjenstår framleis litt opplæring i forhold til bruk av data med borna.

Spesialundervisning.

Det er ikkje til å leggja skjul på at behovet for spesialundervisning aukar også i barnehagane. Dette er eit viktig arbeid med tanke på at det er regjeringa si målsetjing å setja inn tiltak så tidleg som mogeleg. Dette året har 3 born hatt spesialundervisning etter enkeltvedtak noko som totalt har medført auka bemanning tilsvarande meir enn 2 heile stillingar. Ein må vera budde på at desse borna òg vil trenga vidare oppfølging når dei kjem i skulen.

Klagesaker.

Kommunen har ikkje hatt klagesaker i samband med barnehagetilbodet i 2009.

2.2.5 Samandrag

2009 har vore eit godt år for etaten som står framfor mange utfordringar i åra framover.

På barnehagesida har me hatt full dekning. Frå og med 2009 blei det innført lovfesta rett til barnehageplass for born som er fødte før 1. sept., noko som gjer at kommunen må skaffa plass til alle som ynskjer det. Til hausten kjem ein ikkje utanom oppretting av nok eit lokale for å koma i mål.

I løpet av 2008 fekk me eit politisk vedtak om at det skal byggjast ny barnehage i Våge som erstatning for dei tre barnehagane Myklestad, Vågsmarka og Lunde etter at arbeidstilsynet hadde presentert ei lang liste med utbetringar som måtte gjerast i desse barnehagane for å sikra ny godkjenning. Ein slik sentralbarnehage vil vera av stor betydning for kvaliteten på det barnehagetilbodet kommunen kan gje i framtida. Det er likevel ikkje heilt uproblematisk at det på nyåret har skjedd ting i denne saka som gjer at mange føler seg utrygge på om dette vedtaket nokon gong vil bli sett ut i livet.

Det har ikkje vore føreteke endringar i skulestrukturen siste året, men med dei store utfordringane kommunen står framfor på investeringssida, kan ein ikkje utelukka at dette på ny bli eit tema i 2010. Mel.a. syner elevtalsutviklinga ved Reksteren skule at ein om få år vil vera nede i 5 elevar., og elevtalet vil fortsetta å gå ned etter dette. Det er elles viktig å påpeika at med dei kutta som etaten har måtte føreteke dei seinare åra, er strikken strekt så langt råd er innafor noverande skulestruktur.

Kommunen har framleis ei utfordring når det gjeld arkivering av sensitivt materiale i skular og barnehagar. Pr. i dag har me ikkje eit system som stettar dei krava som er sett til slik handsaming. Me hadde håpa å ha dette på plass i løpet av 2009, men er enno ikkje i mål. Dette skuldast mel.a. at det systemet me har gått inn for vil koma med forbetringar med take på skulesektoren i løpet av første halvår i 2010. Me har difor venta med å innføra dette til alt er på plass.

I tillegg til dette er det all grunn til å sjå nærare på arkivsystemet for inn og utgåande post i einingane, eller snarare mangel på eit slikt system. Situasjonen i dag er på ingen måte tilfredsstillande.

Elles er Uggdal skule rusta skikkeleg opp i 2009. Skulen framstår no som godt teneleg for det behovet ein har. Unnataket er skulebiblioteket som ikkje er i funksjon. Dette er me nøydde til å få gjort noko med ettersom dei aller fleste av elevane på 1. – 4. steget i kommunen går her.

Elles er det etter kvart gjort mykje godt vedlikehaldsarbeid ved Tysnes skule, men enno står noko att. Framfor alt er det behov for ei oppgradering av symjehallen.

I kulturskulen har det vore status quo, men det har vore jobba med å utarbeida nye tilbod. Det som framfor alt er påkrevd, er å finna fram til ein base med egne varige lokale. Situasjonen i dag er ikkje teneleg og heller ikkje framtidsretta. Det knyter seg òg forventningar til den arbeidsgruppa som no er nedsett for å sjå nærare på drift og utvikling av kulturskulen i vår kommune.

2.3. Helse- og sosial

2.3.1 Økonomisk resultat

1000 kr. i løpande prisar

	Rekneskap 2008	Rev.b. 2009	Rekneskap 2009
Utgifter og inntekter			
Sum driftsutgifter			
Sum driftsinntekter			
Sum finansutgifter			
Sum finansinntekter			
Netto driftsutgifter	50.407 ' 	54.057 ' 	55.452 '
Investeringar			
Sum utgifter			
Sum inntekter			
Nto. Utgifter/inntekter	111 ' 	350 ' 	200 '

2.3.2 Utviklingstrekk i etaten

Investeringar

- * Sjukeheim – utstyr 174 '
- * Sjukeheim - arkitekt 26 '

Drift

Nto driftsutgifter på h.k. 1.3 vart kr. 55.452

.- mot revidert budsjett kr. 54.057 ' , dvs. eit nto.driftsunderskot på kr. 348 ' . Følgande budsjettområde har slite med å halda rammene i sosialhjelp, heimesjukepleie, bustader for pu i Uggdal og Vågsmarka og støttekontakt til vaksne.

Statstilskot til ressurskrevjande brukarar i 2009 utgjorde kr. 4.452`.

Plan og utgreiingsarbeid som er gjennomført i 2009:

- opplæringsplan i helse- og sosialetaten 2009.

- kompetanseløftet 2015 - tilskot til opplæring av personell i 2009 i helse-og sosialetaten.
- verksemdsplan for helse-og sosialetaten.
- Tysnes sjukeheim – handsaming i formannskap og kommunestyre utsett til 2010.
- revidert smittevernplan.
- Avtale om arbeid med hjelpemiddel mellom Tysnes kommune og Tysnes Industri AS
- Skipping av 100 % konsulentstilling i barnevernet.
- Samarbeidsprosjekt rus og psykisk helsevern.

2.3.3 Helseavdelinga

Legekontor

Tysnes legekontor/Tysnes Legevakt.

Allment

Allmennlegetenesta i Tysnes kommune er kommunalt driven fastlønnspraksis, i motsetning til dei fleste stader i landet der det er privatpraktiserande allmennlegar med fastlegeavtale med kommunen. Kommuneoverlegen ser det som viktig at allmennlegetenesta i Tysnes er samla i eitt kontor. Blandingsmodell mellom privat praksis og fastløn finst i mange kommunar, men vil kreva ein del for å koma inn til levelege avtalar om økonomisk oppgjerd. Waleed har tidlegare hatt ynskje om privatpraksis, men dette er førebels stilt i bero.

Dei tre fastlegane har i alt 2300 på sine lister. Me har ein del på listene frå andre kommunar, men det er ein netto "lekkasje" på 500 pasientar, dei fleste til Os /Anna og Stein Aanesen). Legekontoret har legevaktansvar for alle bebuarar og gjester i komunen døgnet rundt, uavhengig av listetilknyping. Me ser at me får ein god del tenester – spesielt akutte ting av høgst varierende alvorlighetsgrad.

Legekontoret gjev akutt legehjelp og lab.service for sjukeheimen innan legekontoret si opningstid utan at det vert ført mellomrekneskap mellom legekontor og sjukeheim.

Bemanning

- Me har tre fastlegar og ein turnuskandidat, og me har to og ein halv stilling hjelpepersoneell.
- Dei faste 4 på forkontoret alternerer mellom ekspedisjon og laboratorium slik at ein er meir fleksibel ved sjukefråvær/feriar etc.
- Kontoret må ha full drift i ferieperioden pga. stor tilgang av turistar om sumaren. Me hadde i 2008 legevikar (frå Danmark) i 4 veker. På forkontoret hadde me vikarinntak slik at me heile tida hadde minimum 2 personar på forkontor/lab. kvar dag.
- BHT kjøper 20 % av dr. Markov si stilling.
- Tysnes Sjukeheim kjøper 20 % av dr. Waleed si stilling, d.v.s. 1 dag pr. veke i ca 45 veker pr. år (d.v.s. ikkje kjøpt lege til dekking ved ordinære fråværsveker for ferie/kurs).

Legevakt

- Tysnes har hatt tilbod frå Stord/Fitjar/Bømlo kommunar om felles legevakt knytta til kontor på Stord Sjukehus, men kommunen har vald å halda på lokal legevakt. Ved

sentralisert legevakt vil det vera Helse Fonna som blir pålagt transportkostnader for å koma til legevakt, så sentralisering kan bety innsparing for kommunen. Men legeberedskap lokalt vil bli svekka.

- Dei tre faste legane pluss turnuskandidat deltar i legevakt, altså 4-delt vakt når alle er i funksjon, 3-delt ved feriar og kursfråvær. I 2008 er det gjort avtale mellom KS og DNLF om påslag på 25 % på timegodtgjering påvakt for vaktene når vaktbelastninga blir mindre enn 4-delt. Innleige av ferievikar om sumaren kan medføra at ein slepp slikt timetillegg.
- Kommuneoverlegen er passert 60 år og har då ingen plikt til legevakt, men har inntil vidare delteke på frivillig basis. Waleed har hatt noko meir vakter enn andre legar, i utgangspunktet etter eige ynskje; kommuneoverlegen har hatt noko mindre vakter enn dei andre legane.
- Tysnes dekkjer legevakt for Ølve og Kvinnherad, men Kvinnherad bidrar ikkje med lege.
- Legevaktsentralen er bemanna av spesialopplærte sjukepleiarar, den er lokalisert til Stord Sjukehus, er felles for Tysnes/Stord/Fitjar/Bømlo, er lokalisert til Akutt Mottak på Stord Sjukehus. Tenesta vert kjøpt frå Helse Fonna.
- Fram til 2008 hadde Tysnes og Kvinnherad felles legevaktnummer 53473300. Etter 2008 er dette nummeret kun for Kvinnherad. Tysnes sitt legevaktnummer er no 53474000.
- Legevaktbil Subaru Impreza 2001 modell er i litt ustabil i dragkraft: Ein større karosseriskade er utbetra på nyåret 2010. Det er mulig det nærmar seg byte av bil.
- Me har prøvt å ha fagleg samarbeid/kursing i lag med ambulansen, og dette er nødvendig og nyttig. Lovmessig er begge partar pålagt samhandling/samtrening og beredskapsplanlegging. Legekontoret er lei seg for at planlagt øving i 2009 var avlyst fordi brannkoppset/teknisk etat ikkje hadde budsjettmidlar. Norsk Luftambulans hadde tilbydd gratis instruksjonsarbeid for 2 dagars kurs. Ein vonar at kurs kan haldast i 2010.
- Det er krevande vaktbelastning for legane med vakter utover fulle stillingar på dagtid. Det er ein bonusordning med 2 timar avspasering med løn for vakt natt før virkedag. I sum blir det ein ekstrakostnad for kommunen med 5x52x 2 timar for kommunen pr. år = 520 timar pr. år, dvs. ca 1/3 av eit legeårsverk. Denne kostnaden vert ikkje synleggjort i rekneskapet for kva lokal legevakt kostar.
- Spesielt i ferievekene om sumaren er vaktbelastninga svær, ettersom det i for eksempel i juli månad er anslagsvis 12-14000 personar i vaktområdet mot fastbefolkning knapt 3000. Både legane si ferieavvikling, påslag på vaktgodtgjering er moment som gjer det heilt avgjerande med vikarinntak for lege om sumaren for å få dette til å gå rundt. Kommuneoverlegen har sett som krav forsvarleg inntak av ferievikar/vaktvikar til suamren for fortsatt å tilby si deltaking i vaktordninga.
- Det har vore veldig tungt mht. EDB og oppkopling til Norsk Helsenett. Deira opplegg er problematisk i forhold til kommunal brannmur i vår datatilgang. Fleire gonger har manglande oppfølging frå Norsk Helsenett si side medført ekstrakostnader med ekstern EDB-bistand for å klarlegga årsak til problema. Denne dataopprettinga er fortsatt ikkje klar pr.10. mars 2010.

Oppsummering:

Det har vore eit arbeidsår på det jamne. Me opplever å ha bra dugnadsånd på kontoret, og prøver vera bevisst på at me skal vera ein serviceinstans til tross for ein "uberekneleg materie" med akutte alvorlege problemstillingar der både personale og pasientar må prøva vera fleksible for å tilpassa "øyeblikkets behov".

For kommuneoverlegen som skal prøva kombinera administrativt ansvar med å hiva seg rundt i akutt situasjonar, er dette eit løpande krysspress og ofte med ei kjensle at han ikkje heilt strekk til i dei formelle administrative rutiner.

Det har vore drøfting om risiko/sårbarhet vedr det EDB-baserte legejournalssystemet. For å halda god nok beredskap på legevakt er det viktig at dette er oppe og går med kortast mulig avbrekk. Det må uansett vera operativt før neste morgon.

Tysnes helsestasjon

KOORDINATOR FOR BARN OG UNGE MED SAMANSETTE BEHOV:

Sidan Tysnes kommune ikkje har eigen koordinator for barn-og unge med samansette behov, må bl.a. helsesøster setja av mykje tid til dette arbeidet, Individuell Plan.

Tysnes kommune har no avtale med Visma Unique, som tilbyr datasystemet Sampro som er eit nettbasert program for Individuell Plan (og Individuell Opplæringsplan). Dette har letta arbeidet noko som koordinator.

Redusert med ein 50% stilling

Helsestasjonen vart redusert med ein 50 % stilling f.o.m. sept. -09. Dette resulterte i fylgjande:

- Helsestasjonen kan i liten grad tilby nettverksskapande og anna psykososialt miljøretta arbeid, som for eksempel barselgrupper. Tilbodet som me hadde kvar veke i Lunde, "Bli-kjent`n" er nedlagt. Desse tilboda er "**skal-oppgåver**" til helsestasjonen. Foreldre har etterspurt begge desse tilboda.
- Helsestasjonen tilbyr ikkje lenger reisevaksinasjon. Dette **er ikkje** ei "**skal-oppgåve**" til helsestasjonen.

Utdanning

Snefrid Trondsen har halde fram med helsesøsterutdanninga, og ho har vore vekke 12 veker i forbindelse med dette i -09. Dette har naturleg nok gjort at tilbodet ved helsestasjonen ikkje har vore optimalt.

Pandemi

Pandemien H1A1 tok all vår tid frå oktober til januar. Helsestasjonen sat med så å seia heile ansvaret for både organisering, annonsering og praktisering av vaksinasjonen. Dette førte til at det meste av helsestasjons-og skulehelsestasjonsarbeidet vart liggjande 2-3 mnd på etterslep.

Kontortid på skulane

Skulane har etterspurt helsesøster på skulane, men me har ikkje hatt kapasitet til å fylgja planen vår når det gjeld dette i-09. Pandemien og reduksjon i helsesøsterstilling har skuld i dette.

Ergoterapitenesta

0,6 st. kommuneergoterapeut.

Arbeidsoppgåver: Brukararbeid: Kartlegging av funksjon. ADL/funksjonstrening. Stimulera til eigenaktivitet. Tilrettelegging, tilpassing og kompensasjon for tapt funksjon; rådgjeving ved bustadendring, vurdering av tekniske hjelpemiddel, ergonomiske tiltak funksjonsvurdering i trygdebilsaker m.m.. Deltok i tverrfagleg inntaks – og rehabiliteringsmøte og er med i demensteam. Kontaktperson for kommunen til hjelpemiddelsentralen i Hordaland (HMS). Samarbeid også med HMS i kompliserte brukarsaker, og med interkommunal synsped. teneste på Stord.

Er med i interkommunalt nettverk for ergoterapeutar.

Ressursutnytting/måloppnåing (tala i parentes gjeld for 2008): Tilvisingar: 89 (68). Desse er fordelt slik: Frå lokalt helsepersonell 35 (30) samt 4 (4) frå 2. og 3.line tenesta, frå brukarar 23 (17), frå pårørande 26 (14), frå BHT 1. Åtte tilvisingar overført til 2010.

Ergoterapeuten har vore på 99 (132) heimebesøk, samt hatt brukarkontakt i form av oppmøte på kontoret 30 (39), møte og andre saker som er ordna på tlf./brev, ca 82 (85). Ergoterapeuten har produsert 66 (55) søknader og 64 (76) rekvisisjonar til HMS om hj.m. og 51 (49) service-rapportar til HMS på reparasjon av hj.m. Korttidsutlån av hj.m. frå kommunalt lager til minst 27 (35) personar, samt 9 (14) returar til HMS.

Avtale om arbeid med hjelpemiddel mellom Tysnes kommune og Tysnes Industri A/S vart vidareført i 2009. Samarbeidet fungerer svært bra. Det er god koordinering av arbeidet. Ein har fått tydeleg oversyn over kva hjelpemidlar som er på lager, og ergo- og fysioterapitenesta og heimesjukepleien kan på kort varsel til Tysnes Industri henta ut klargjorte hjelpemidlar. Tysnes Industri har også opparbeidd seg ein spesialkompetanse på reparasjon av hjelpemidlar, gjennom erfaring og kurs. Brukarar gjev uttrykk for at dei er svært tilfredse, m.a. fordi utleveringstida for HMS-hj.m. frå lokalt mottak er gått ned frå tidlegare opptil fleire mnd., til stort sett 1 – 5 dagar. Mange hentar/leverer sjølv hj.m.. - Det arbeidet Tysnes Industri AS utfører i høve til lagerhald, ut-/innkøying, montering/demontering, vedlikehald/reparasjon, reingjering, føring av lagerkartotek m.m. er arbeidskrevande, og kommunen får mykje godt arbeid att for denne avtalen! Avtalen fører m.a. til langt betre utnytting av ergoterapitenesta, betre rehabilitering i heimane og kan såleis også førebyggja unødig bruk av institusjonsplassar.

Samla verdi for utleveringar frå hjelpemiddelsentralen i Hordaland til brukarar i Tysnes kommune i laupet av 2009, var på nesten 1,6 million kr.

Fysioterapitenesta

1. Dekning av fysioterapeutar i tenesta

Anne Lene Jøranlid: 50 % fast stilling, 30% vikariat fram til 01.05.09 då ho slutta i stillinga.
Gunn Marit Hovland: 70 % vikariat fram til 01.05.09, deretter 50 % fast stilling og 30 % vikariat ut året. Vakanse 70 % vikariat 01.05.09 – 18.08.09.
Hanne Bjørg Hagevik 70 % vikariat frå 18.08.09 og ut året.

2. Ressursinnsats

Rutineoppgåver ved helsestasjon

- Førskuleundersøkingar

- 4-5 mnd kontroll

Samarbeid med jordmor:

- svangerskapskurs – 2 stk
- barselgrupper – 5 stk

Habilitering/individuell oppfølging av barn med særskilde behov

- 9 barn har hatt behov for individuell oppfølging.
- gruppebehandling rundt tre barn på skular (3 grupper)
- koordinator for ein individuell plan, delteke på ansvarsgruppemøte i samband med 5 barn

Rehabilitering ved Tysnes sjukeheim

- i gjennomsnitt brukt ca 10 timar i veka på sjukeheimen. Prioritert rehabiliteringspasientar som har vore inne på korttidsopphald. Totalt 28 brukarar.
- 6 vurderingar/tilpassing av rullestolar

Heimebehandling av eldre og uføre

- Totalt 28 brukarar har fått heimebehandling, Nokre har hatt behov for regelmessig behandling 1-2 gonger i veka, mens andre berre eit par gongar totalt.
- Hjelpemiddelvurdering/bestilling – også i samarbeid med ergoterapeut

Førebyggjande fysioterapi:

- Eldretrim i Peralio 1 gong i veka (opphald mai – september).

2.3.4. Sosialavdelinga

Sosialavdelinga har gjennom 2009 vore bemanna med to årsverk, fordelt på sosialeiar og sosialkonsulent. Det har vore 40 % vakanse i den eine stillinga frå april til september. Det har vore gjennomført mange endringar i løpet av 2009 og den største av dei var nok samanslåinga av trygdekontoret og sosialavdelinga. Denne var planlagt, og faktisk gjennomføring skjedde i mai, med påfølgjande formell opningsfest. Barnehagane var med og smykka ut kontoret, noko som me er veldig takksame for. NAV - organiseringa har vore ein tidkrevjande, men spanande prosess, og resultatet er me så langt nøgd med, sjølv om me har måtta foreta nokre justeringar undervegs. 2009 har vore prega av den globale verdsøkonomien, og Tysnes kommune er i så måte inga unntak. Dette gjorde seg gjeldande i sosialhjelp -budsjettet frå oktober 2008, og har auka jamt gjennom 2009. Året 2009 vart avslutta med ein dobling i sosialhjelpsutgiftene, på lik line med mange andre kommunar. Dette var oppe som informasjonssak i oppvekst og omsorg 23.06.09. Ved samanslåinga fekk sosialavdelinga fleire verkemidlar til rådvelde, og det vil bli sett fokus på arbeid og aktivitet i 2010. Kvalifiseringsprogrammet er ein rett som brukarane har fått, som kommunen disponerer etter at NAV vart etablert, og skal være eit middel til bruk i dette høvet. I oktober 2009 fekk sosialavdelinga styrka barnevernet med ein heil stilling. Denne styrkinga var naudsynt for å kunne ivareta dei lovpålagte oppgåvene innan barnevern, og sosialavdelinga håper med dette å kunne fokusere meir på førebyggjande barnevernsarbeid, og tidleg intervensjon.

2.3.5. Pleie-og omsorgsavdelinga

Det har vore mange utfordringar i året 2009, gjennom heile året har det vore konstitueringar og endringar i mange av leiarstillingane.

- Pleie- og omsorgsleiar har vore fung. helse- og sosialsjef.
- Styrar/ass. pleie- og omsorgsleiar har vore fung. pleie- og omsorgsleiar.
- Avdelingssjukepleiar sjukeheim har vore fung. styrar.
- Delvise konstitueringar som avdelingssjukepleiar.
- Ny avdelingsleiar i open omsorg tiltrådte 01.03.09.

Utfordringar har vore:

- Omlegging av drifta ved Hovland bu- og omsorgssenter med nedlegging av kjøkkenet og bufellesskapet f.o.m. 01.05.09. Bebuarane i bufellesskapet fekk tilbod om omsorgsbustad el. plass i institusjon.
- Forvaltningsrevisjonen har gått gjennom og sett på kvalitet og bemanning i pleie- og omsorgstenestene i Tysnes kommune. Rapporten har vore handsama av kontrollutvalet og i møte i kommunestyret 29.09.09. Pleie- og omsorgstenesta har fått i oppdrag å skaffe oversyn over kva prosedyrar ein har, utarbeide prosedyrar som manglar, kommunisere prosedyrar, rutinar og kontrollsystem i heile organisasjonen, sikre at det føreligg ei felles forståing av system og rutinar og at desse vert etterlevd.
- Tysnes kommune har delteke i prosjekt modellkommune utredning og diagnostisering demens i regi av Aldring & Helse, avslutta 2009. Fleire tilsette har delteke på kurs og har heva sin kompetanse på dette feltet. For å halde fram med arbeidet bør ein ha personar som kan ha frigjeven tid til å delta i denne type utredningsarbeid.
- Prosjekt rehabilitering Tysnes sjukeheim vart teke tak i igjen hausten 2009, og ein har fått førebudd saka til politisk handsaming i 2010.

Tysnes sjukeheim

Innkjøp

- Ny dekontaminator til hovudavdelinga
- 3 nye pasientsenger
- 1 ny ståløftar
- Diverse hjelpemidlar og medisinsk utstyr
- Ny grønnskuttar til kjøkken
- Ny stor miksar til kjøkken

Kompetanse

- Grunnkurs, medikamenthandsaming for helsefagarbeidarar, 17 deltakarar
- Kurs i regi av Helse Fonna – ” Bruk av tvang”, 2 deltakarar
- Eldreomsorgens ABC, utviklingsprogram gjennom sjølvstudium og fagseminar, 16 deltakarar
- Avdelingsleiar, miljøeining deltatt i nettverk, demens, og kommunalt demensteam
- Avdelingsleiar, hovudavdeling held på med vidareutdanning i rehabilitering
- Grunnkurs, Shift Manager for leiarar og tillitsvalde
- Administrator kurs Shift Manager, Oslo, ass. pleie- og omsorgsleiar

Midlane til opplæring og kompetanseheving er så små at me har ikkje sett oss i stand til å oppnå måla våre innan dette viktige feltet.

Rekruttering fagpersonell

Tilgangen på sjukepleiefagleg og generell helsefagleg kompetanse har vore utfordrande. Store stillingsstorleikar, 75 % stilling og større, rekrutterer bra. Samstundes opplever me vanskar med å rekruttere i dei små stillingsdelane og helgeavløysarstillingane. Rekruttering av fagpersonell til denne sektoren viser seg som det kritiske punkt i drifta vår. God organisering gjennom samla fagmiljø, god leing, betre løns- og arbeidsvilkår og intern kompetansebygging må til for å møte utfordringane.

Vikarbyrå er nytta frå juni 2009, og me hatt ein sjukepleiar og ein hjelpepleiar jamt ut året. Dette har fungert bra, og sjølv om kostnaden er høgare, ser me at me oppnår gode, fleksible løysingar som betre sikrar fagleg forsvarlege tenester til brukarane.

Rekruttering av kokekyndig personell er eit anna sårbart område. Me har ikkje greidd å tilsetje ny kokk med fagbrev etter at kokken gjekk av med pensjon 01.10.09. Me nyttar for tida mellombelse løysingar, og prosessen med rekruttering pågår framleis. Det vart starta opp med dagleg produksjon av middag til Hovland bu- og omsorgssenter frå 04.05.09, og det har fungert godt sett frå sjukeheimen si side.

Å produsere varm mat kvar dag etter kok- server metoden gjer institusjonen og dei heimebuande som mottok varm mat sårbare m.o.t. fråvær ol. Ein kombinasjon av kok- kjøll metode ville ha sikra betre forsyning t.d i helgane.

Legedekninga er god og stabil, og tilgangen til fysioterapi har vore god.

Me har ikkje hatt lærling i helsearbeidarfaget i lærlingestillinga dette året. TAF-lærling knytta mot dei ulike tenesteområda i pleie- og omsorg er i sving 3. året.

Arbeidsmiljø

- Sjukefråveret gjennom året var 11,4 %. Dette er så vidt under gjennomsnitt for sektoren på landsbasis, men godt over førre år.
- Revisjon av kvaliteten i pleie- og omsorgstenesta viste at systemet for kvalitetsarbeidet, og implementering av rutinar kan bli betre. Intervju av tilsette og tillitsvalde synte at medarbeidarane saknar fagleg utvikling og kurs/ vidareutdanning. Oppfølging av avvik og kultur for avviksregistrering kan og verta betre. Med ein arbeidstokk på 70 fast tilsette, og mange vikarar er dette ei stor utfordring med den leiartettleiken me har i dag.
- Mange senioravtalar med tilsette, der me prøver å leggje til rette for arbeidstakarar å stå i arbeid ut over 62 år.
- Mange arbeidstakarar med helsetilpassingar som inneber lettare arbeidsoppgåver. Positivt for dei det gjeld, men kan føre til auka sjukefråvær, auka belastning for øvrig personale, og vanskeleggjer å gå utan vikar ved fråvær.

Økonomi

Rekneskapen syner at sjukeheimen nærast ikkje har overforbruk dette året. Trass i bruk av heller "dyre" vikarløysingar, er me innafor budsjetterte midlar. Me vurderer heile tida strengt inntak av vikarar ved alle slags fråvær. Senior- og helsemessige omsyn, og stor arbeidsmengd gjer at me oftare enn før likevel må ta inn vikar.

At lønsbudsjettet likevel held seg innafor rammene, kan m.a skuldast at me ikkje alltid får inn personell i ledige vakter ved fråvær. Arbeidsmarknaden er pressa, det er ofte vanskeleg å få tak i personar til tilkallingsvakter, og me går difor med minimumsbemanning. Dette får også følgjer ved at me ikkje alltid kan frigjere personell til kurs/ vidareutdanning.

Pleie- og omsorgstenesta arbeider målretta for å gje tenester på rett omsorgsnivå. Me har aktiv bruk av rehabilitering og nyttar korttidsplassane til å trenar opp brukarane til å klara seg heime lengst mogeleg. Me har hatt fullt belegg gjennom heile året, men har kunna gjeve tilbod til søkjarar som har hatt behov for plass, anten i korttids- el. langtidsopphald. Det har også vore gjeve nokre avslag på søknader om plass.

Inneklima

Bygget er som før påpeikt i dårleg stand, og prega av slitasje. Dette virkar inn på både arbeidsmiljø, tenestekvalitet og trivsel for alle partar. Me ser difor fram til ei avgjerd om bygget si framtid.

Generelt

Me ser at krava frå styresmaktene og forventningar frå brukarane set stadig høgare krav til oss som tilbydarar av helse- og omsorgstenester. Stikkord kan vera fagleg forsvarleg, kunnskap og kompetanse, god kommunikasjon, dokumentasjon og prosedyrar. Sjukeheimen skal vera oppegåande på dette 24 timar i døgeret året rundt. Me har ein arbeidsstokk som strekkjer seg langt for å klare dette, men ofte kan det "holde hardt" innafor dei ressursane me har til rådvelde.

Open omsorg

Open omsorg har fått ny avdelingsleiar frå 01.03.10, og har teke tak i mange utfordringar gjennom året.

Kjøkkenet og bufellesskapet ved Hovland bu- og omsorgssenter vart nedlagt f.o.m. 01.05.09. Bebruarane i trygde- og omsorgsbustader der får dagleg levert middag frå Tysnes sjukeheim, tilkjørt av personell i open omsorg. Tørrmat ordner bebruarane sjølv, evt. med hjelp av personell.

Økonomi

Me har greidd å redusere personell knytta til kjøkkenet 1,45 årsverk, nto. sparing 400`. Me har ikkje greidd å spare dei ca 0,8 årsverk pleieressursar det var føresett i budsjett 2009, og er ein av grunnane til meirforbruk budsjettkap. 1.3330 + ca kr 700`. Innafor budsjett heimhjelp 1.3340 har det vore tildelt ressursar til ein pu brukar utover budsjettert nivå, som er ein av grunnane til meirforbruket + ca kr 375`.

Personellressursar i open omsorg er samla, både heimhjelp og heimesjukepleie, arbeider på tvers av tidlegare områdegrensar.

Område det har vore fokus på

- dokumentasjon, journal, iplos-registrering m.m.
- kvalitet, aktiv justering av arbeidsrutinar ved meldte avvik

- legemiddelhandsaming, omstilling til multidose
- oppstart medarbeidarsamtalar hausten 2009.
- oppfølging av sjukemeldte.

Kompetanse

Avdelingsleiar tek vidareutdanning i rehabilitering.

Arbeidsmiljø

Trass i store omstillingar dette siste året har me bevart eit godt arbeidsmiljø.

Sjukefråvær gjennom året:

Heimesjukepleie: 5,3 %

Heimehjelp: 4,4 %

Totalt brukarar pr. 31.12.09:

Heimehjelp og heimesjukepleie: 159

BPA: 2

Omsorgsløn: 9

Tryggleiksalarmar: 53

Trygde- og omsorgsbustader:

Trygdebustader: 12

Omsorgsbustader: 32

Bustader psykisk utviklingshemma: 11

Bustader pu Uggdal og Vågsmarka

Situasjonen i begge bustadane for psykisk utviklingshemma har vore stabil i høve brukarane. Det er 4 ekstra ressurskrevjande brukarar som har 1:1 personelloppfølging, og 1 brukar som bruker mykje ressursar, men som ikkje har 1:1 oppfølging. Brukarane har vortne eldre, og hjelpeomfanget har auka.

Fleire av brukarane har vore på Sydentur m/ personell, til Tyrkia og Kypros.

Personalet i begge bustadane er stort sett stabile.

Det har vore myke slitasje og sjukemelding i personalgruppa.

Sjukefråvær gjennom året:

Bustader pu Uggdal: 9,0 %

Bustader pu Vågsmarka: 13,1 %

Økonomi

Det er meirforbruk på tenestene innafor begge bustadane.

Det er mangel på bustader for psykisk utviklingshemma, særleg til nye yngre brukarar som skal flytte heimanfrå. Det er ei utfordring for kommunen å få tilrettelagt med nye bustader/ bufellesskap for denne gruppa framover.

Dagsenteret pu

Dagsenteret har også i år aktiviseringstilbud på tre stader. Det er på vedsentralen på Myklestad, MA-KA kafe og dagsenteret.

Personalsituasjonen: Dette året vart det tilsett personal i 62 % stilling. Stillinga gjekk til ei av våre som gjekk over frå mindre stillingsprosent. Me fekk ny tilsett i 32 % stilling.
Personalsituasjonen er stabil og vikarsituasjonen har vore tilfredsstillande.

Totalt har me 3,18 stillingar fordelt på fem tilsette.
I haust har me hatt utplassert ein elev frå Fusa vidaregåande skule.

Tenestemottakarar: Alle som har søkt om plass har fått tilbod om det.
12 personar har teke imot tenestetilbodet i 2009.

Miljø: Me har stort fokus på arbeidsmiljøet og arbeidar ut frå målsettinga vår.
Det har ikkje vore sjukefråver relatert til arbeidsplassen dette året.

Utført i 2009: Dagsenteret organiserte tur til Stord , der alle deltok på idrettsdagen.
Alle har vore med til Mandelhuset på sommar-og juleavslutning.
Me har investert i ny kjøkkenøy på kafeen. Dette for å betra arbeidsstilling og unngå belastningsskader.
Det er kjøpt inn meir eige utstyr på kafeen og me har overført 3000 kr. frå kafeoverskotet til Grendatun for slitasje på deira utstyr.
Me har hatt utstilling og sal av dagsenterprodukt på kafeen. Salet på julemesssa gjekk godt.
Sanserommet vårt har dette året vore nytta av elevar med særskilte behov frå skulen .

Økonomi: Økonomien har vore tilfredsstillande og me ha også dette året gått med overskot.

Fokus framover: Me har jevnleg evaluering av opplegget vårt og har fokus på godt arbeidsmiljø både for tenestemottakarane og personalet. Me arbeidar heile tida for å få eit best mogeleg tilbod ut frå dei ramene me har når det gjeld fysiske lokalitetar, personalressursar og økonomi.

Psykisk helsevern

Psykisk helseteneste i Tysnes kommune.

- 2009 er første året utan øyremerka midlar til psykisk helseteneste, midlane skal no liggja i rammeoverføringane.
- 1.mars 2009 vart tenesta redusert med 50 % stilling psykisk helsearbeidar. Desse midlane vart overført til barnevernstenesta i Tysnes kommune.
- September 2009 vart 100 % stilling som helsesøster redusert til 50 % stilling. Den stillinga vart i si tid oppretta av øyremerka midlar til psykisk helseteneste. Midlane vart overført til barnevernstenesta i Tysnes kommune.

- Medio febr 2009 vart psykisk helsearbeidar i 50 % stilling sjukemeldt, friskmeldt i desember 2009. I 2009 har difor psykisk helseteneste for vaksne hatt redusert tilgong på kvalifiserte fagtilsette.
- Aktivitetssenteret for psykiatriske brukarar har hatt ope to dagar for veka, medan turgruppa "Torsdagsturen" har hatt aktivitet kvar torsdag bortsett frå feriane.
- Psykisk helsearbeidar for barn og unge (100 %)gjekk ut i svangerskapspermisjon 15.07.2009, ny tilsett i vikariatet tok til 07.09.2009.
- Psykisk helsearbeidar for barn og unge held fram med vidareutdanninga i "Psykisk helsearbeid for barn og unge" ved HSH – Stord til tross for svangerskapspermisjonen hausten 2009. Tysnes kommune har motteke stønad frå "Tilskot til vidareutdanning i psykisk helsearbeid for høgskuleutdanna personell", kap 743 post 62.
- Fylkesmannen i Hordaland hadde tilsyn med helse, sosial og barnevern i Tysnes kommune mars 2009 Me fekk to avvik som mellom anna omfatta psykisk helseteneste. Avvika vart lukka mai 2009.
- Ambulerande team ved Stord DPS har besøkt kommunen ein dag for månaden. Det var då høve til både rettleiing og pasientkonsultasjonar.
- Ytre Sunnhordland samhandlingsteam, sett saman av kommunane Bømlo, Fitjar, Stord og Tysnes og Stord DPS, søkte om tilskot til å utvikle organisatorisk forpliktande samarbeid innan psykiatri/rus - helsefeltet over statsbudsjett kap. 0743.62. Søknaden vart innvilga med kr. 1 mill til prosjektet i juli 2009. Det vart oppretta ei prosjektgruppe og ei styringsgruppe, og det vart tilsett prosjektleiar i 100 % stilling. Tysnes kommune valte og frigjera 20 % av psykiatrisk sjukepleiarstillinga til å delta i prosjektet. Prosjektet skal gå over 3 – 5 år.
- Utval Oppvekst og omsorg har på nytt vorte orientert om behovet for bufellesskap for ressurskrevjande brukarar, både vaksne og ungdom. Bufellesskap er ikkje oppretta, men ein har måtte setja inn ekstra ressursar i tilsynet med ressurskrevjande brukarar.
- Brukarorganisasjonen LEVE – Fonna lokallag har fått tildelt kr 3000,- i stønad.

Ressursutnytting

I psykisk helse er det tilsett 2,6 årsverk. Det har til saman vore nytta kr 243 000,- på støttekontakt til 8 vaksne brukarar. Barn og unge har fått tildelt støttekontakt gjennom sosial – og barnevernsbudsjett.

Ved utgangen av 2009 er det registrert 48 brukarar av psykisk helseteneste, av desse var 15 under 18 år. I tillegg har psykisk helsearbeidar for barn og unge uformelle samtaler med mange barn/unge som oppsøker tenesta utan at problemet er så stort at dei vert registrer i journalsystemet.

Psykisk helseteneste leiger lokale for aktivitetssenter i Våge sentrum.

Psykisk helseteneste har ein tenestebil på deling med ergoterapitenesta og fysioterapitenesta.

2.4 Landbruk og teknisk

2.4.1 Organisasjon

Etaten har gjennomgått eit vanskeleg år på fleire område, men det er òg positive hendingar.

Innføring av eigedomsskatt og "utlån" av 2 personar frå etaten til det arbeidet, har medført vekst i etterslepet på byggesak og oppmålingsaker og har i tillegg medført "avduking" av om

lag 250 moglege ulovlege bygg eller anlegg. I tillegg kom innføringa av ny planlov, som medførte "masseinnsending" av saker før lovendringa vart sett i kraft. Samla ligg det svært mange saker som må løysast. Til dette har me fått høve til å tilsetja i engasjement sakshandsamar i inntil 1 år. Hjelpa var ikkje på plass ved årsskiftet. Høgast prioritet har bustadbygg og næringsaktivitet.

Avdelingsleiar kart og oppmåling pensjonerte seg pr 1 august og ved årsskiftet hadde me ikkje klart å få på plass ny leiar. Me har leigd inn private firma til å hjelpa oss, men grunna tidstapet med å få hjelp på plass og tidleg vinter, har effekten ikkje vorte som forventa. Etterslepet her av gamle og nye saker veks og er no om lag 120 saker.

Teknisk sjef varsla at han ville gå over i pensjonistane sine rekker, men valte å takka ja til å verta plansjef frå årsskiftet, med hovudvekt på oppstart reguleringsplanarbeid Våge sentrum og revisjon av kommuneplanen. Ny landbruk og teknisk sjef er ikkje på plass ved årsskiftet. I tillegg til denne "eigenstyrte situasjonen" kjem auka belastning på etaten fordi det med verk-nad frå årsskiftet er innført ny hamne og farvannsløp, som overfører til kommunane eller eventuelle samarbeidsorgan å handtera lova.

Investeringsføremåla har i hovudsak vorte gjennomførte i hht politiske vedtak og årsrekneska-pen viser at etaten i hovudsak har levert på dei andre driftsområda.

Det er positivt at medarbeidarane på etaten har klart å halda fokus og humøret oppe. Alle tek telefonar og kundebesøk for å informera nærare om dei ulike sakene.

Me har heldigvis klart å unngå mange og langvarige sjukemeldingar, men det er tydelege teikn på overbelastning og høgt stressnivå. Innføringa av lovbestemte tidsfristar på sakshandsaming innan byggesak og oppmåling, vil ikkje letta dette presset og det vil ha økonomisk konsekvens med rettighetskrav om reduserte gebyr ved manglande levering.

Me har no erfart kor vanskeleg det er å levera tenester i eit snevert og personalfattig system, der stort sett 1 person utgjør fagekspertisen innan kvart fagområde. Det er derfor etaten som heile ser at å kunne etablere nærare samarbeid med, eller verta del av interkommunale fagløy-singar/fagkontor, vil sikra kontinuitet og gjera at me kan verta meir attraktive for fagutdanna personell, og mindre sårbare enn me er no.

2.4.1 Organisasjon

Etaten er organisert med teknisk sjef som leiar for 5 fagområde, jordbruk, skogbruk og vilt, brann og byggesak, kart og oppmåling, og kommunalteknisk drift for bygg og eigedom.

Årsverk og tilsette

	Faktisk 2002	Faktisk 2003	Faktisk 2004	Faktisk 2005	Faktisk 2006**	Faktisk 2007	Faktisk 2008	Faktisk 2009
Adm.	1,08	1,08	1,15	1,05	1,20	1,20	1,10	1,100
Jordbruk	3,48	3,48	3,48	3,13	3,125	3,125	3,125	1,625*
Skogbruk og vilt	0,62	0,62	0,62	0,62	0,30	0,30*	0	0,50
Kart og oppmåling	2,0	2,0	2,0	1,90	1,90	2,00	2,00	2,00***
Brann og feiing	2,2	2,2	2,2	2,20	2,275	2,275	2,175	2,175
Byggesak	2,05	2,55	2,55	2,50	2,30	2,30	2,30	2,30
Bygg og eigedom	4,1	4,05	4,05	3,85	3,85	3,85	3,85	2,85**
Tysneshallen				0,30	0,30	0,20	0,20	0,20

Drift av gravplassar	0	0	1,1	1,10	1,10	1,10	1,10	1,10
Veg	2,0	2,2	1,15	1,20	1,20	1,20	1,20	1,20
Vatn, avløp, renovasjon og slamtøming	1,9	1,77	1,70	1,65	1,65	1,65	1,65	1,65
Sum årsverk	19,5	20,0	20,0	19,5	19,20	19,20	18,70	16,70

* Landbruksvikar slutta, og 0,5% overført til skog og vilt.

** Ein i uteseksjonen slutta. *** Ledig frå 1 august

Mål: Styrkja fagområda byggesak og kart / oppmåling basert på hyttekommunestruktur og nye lovverk. Alternativ organisering bør vurderast.

2.4.2 Politisk aktivitet

Vert presentert under kvart fagområde.

2.4.3 Økonomisk resultat. Drift og Investeringar.

Går fram av overordna og detaljert rekneskap lagd fram av Rådmannen. Sjå elles omtale under handlingsplan.

Kommunen har vedteke egne planar for:

- Hovudplan for skogsvegar 1999. Avfallsplan for SIM 2000 - 2003
- Trafikksikringsplan 2001 – 2004 Kystsoneplan
- Hovudplan for vassforsyning 2000 – 2004 Risiko- og sårbarheitsplan
- Hovudplan for avløp 2000 – 2005 Oversiktsplan for skogbruket.
- Landbruksplan 2004 Kommuneplan 2003 - 2015

Slik det går fram av oversynet er tida komen for rullering av fleire av planane. Eit oppdatert planverk er eit godt fundament for målstyrt bruk av kommunen sine samla ressursar. Det er då viktig at det er felles forståing av planverket politisk og administrativt og at intensjonane i planverka vert følgde.

2.4.4 Oppnådde resultat i høve hanlingsprogram/budsjett

Delt i fagområda; - bygg, eigedom og drift, - Landbruk/jordbruk, - areal og byggjesaker, - brannvern og feiing, - kart og oppmåling.

2.4.4.1 Bygg og eigedom, kommunalteknisk drift.

Rapport – handlingsprogram/økonomiplan

Den verbale handlingsplanen i kommuneplanen er ikkje rullert i 2008, med oppsetting av nye mål for 2009, anna enn dei som går fram av økonomiplanen. Rapporten her vert derfor i hovudsak relatert til økonomiplanen.

Investeringsføremåla vart i hovudsak gjennomførte i hht økonomiplanen. Nokre mindre tiltak vert først realisert i 2010. Barnehageprosjektet og sjukeheimprosjektet har ikkje "landa formelt," så det er på noverande stadie ikkje råd å sei noko om oppstart i marka.

Diverse prosjekt

Energisparande tiltak Enøk-prosjektet og Energiplan i 2009

Prosjektet er no avslutta. Trass iherdige innspel frå teknisk drift er det vanskeleg å etablera ei felles forståing for å spara straum i praksis.

For rehabiliteringa av Uggdal skule vart energisparing fokusert og me har der fått kommunen sitt første geovarmeanlegg, bygget har 3lag vindauge og det er tilleggisolert i klasseromsfløyen. SD-anlegget er utvida til heile skulen.

Mål: Tysneshallen og Tysnes skule/symjehallen og eventuell barnehage i området, bør tilførst energi via geovarme. Det same gjeld ved etablering av sjukeheimen, gjerne i kombinasjon med Rådhuset om lokaliseringa gjev høve til det.

Det vart ikkje etablert ein overordna energiplan for kommunen.

Mål: Tysnes kommune bør etablera ein overordna plan for å bidra til å redusera Global oppvarming med Alternativ grøn energiforsyning og energisparande tiltak som viktige bidrag der alle kan delta.

PCB Sanering i 2009

Ljosarmaturar - Gjennomført Uggdal skule

Vindauge - Gjennomført Uggdal skule, Ungdomssteget og Symjehall ved Tysnes skule

Mål: Sanera vindauge Onarheim skule og gymsal / del av barnesteg Tysnes skule i 2010 og erstatta dei med energivenlege 3lagsglas.

Parkeringsplass, tilkomstveg og uteområde Vågsmarka Barnehage

Ikkje gjennomført i 2009 av omsyn til forventning om etablering ny barnehage. Avventa tiltak framleis til situasjonen er klarlagt.

Finanskrisemidler tildelt 2009

1.858 million i tilskot vart nytta til ekstra asfaltering, Myrdal, Dalen og Flygansvær med ca.1.07 million, Vøling 2 feristar til ca. 66 tusen, Leskur og avfuktar Uggdal skule til ca.139 tusen og resten ca 583 tusen på Tysnes skule til utskifting vestfasade i symjehall, skifta PCB vindauge og nokre dører i ungdomsteg og nokre vindauge i barnesteget.

Kommunale bygg

Felles internkontrolltiltak alle bygg.

Me har gjennomført årleg internkontroll med tiltak innan brannsikring, El-sikring, sanitæranlegg, ventilasjonsanlegg, heiseanlegg og alarmanlegg samt førebygging legionella. Me har avtale med Antisimex om årleg tilsyn og bekjemping av skadedyr.

Spesielle tiltak i bygga i 2009

Administrasjonsbygg

- Ombygd skulekontoret og tilpassa det NAV sine behov.
- Etablert solskjerming med Screens på legekantor/Helse- og sosial og LT
- Oppgradert avtrekksanlegget ventilasjon og auka kapasitet innluft og utluft.
- Utvida SD-anlegget til austfløyen av Rådhuset for å betra styringa av straumbruken
- Tinghuset ikkje seld, avventa avgjerd Sjukeheimsaka

Mål :

- Etablere oppmerking HC-parkering i 2010.
- Kartleggja omfang rotne vindauge
- Kartleggja varmelekkasje og påfølgjande snøsmelting i taket over LT
- Male heile bygget i 2011
- Pussa opp / mala fellesareal i 2011/2012

Skulebygg

Som i 2008 er det reist, på generelt grunnlag, spørsmål om strukturrasjonalisering av byggbruk og nybygg/rehabilitering/fornyng av skule/barnehagebygga i samband med økonomiplanen og den urovekkjande reduksjonen i tal elevar.

Lunde skule

Parkeringsplassen vart ikkje utvida og det vart ikkje avsett midlar til tiltaket.

Mål:

- Utvida SD-anlegget til heile skulen. Er med i budsjett for 2010
- Etablering av auka kapasitet parkeringsplassar bør prioriterast
- Akustikktilhøva i gymsalen må betrast

Uggdal skule

Vart totalrehabilitert og som planlagt, klar til bruk august 2009. Me står igjen med eit nytt biologisk- kjemisk avløpsreinsanlegg og eit strukturelt og energiøkonomisk optimalt bygg unateke taket i gymsalen. Dei vinterlege tilhøva har vist at varmelekkasje frå gymsaltaket medfører smeltevatn, som igjen frys i takrenner, nedløp og på taket over garderobene. Finanskrise midlar vart nytta som vist over.

Mål :

- Drifta dei nye tekniske anlegga på skulen optimalt og med minimal tilførsle av el.kraft.
- Kartleggja årsak varmelekkasje og finne førebyggjande tiltak
- Male attståande som ikkje vart omfatta av rehabiliteringa inne og ute.

Tysnes skule

Finanskrise midlar vart nytta som vist over.

Hærverket i skulen held fram og for fyrste gong er i 2010 budsjettert med kostnad utbetring.

Mål:

- Ferdigstille toalett barnesteg - er i arbeid i eigen regi.
- Male ein del klasserom i samarbeid med skulen
- Førebyggjande tiltak hærverk - særskilt ansvar ligg på skulen sjølv.
- Kartleggja tilstand symjehall
- I samarbeid med skulen sjå på tilpassing av gymsal til kulturskuletilbod.
- Kle inn vestvegg mellombygg gymsal/barnesteg, vøla tak mellomgang ungdomssteg / barnesteg
- Male heile skulen ute innan 2012
- Vurdera om barnehagen kan byggjast opp som del av skulen i området der gymsal og del av barnesteget er. Er tilstrekkeleg areal i området til å handtera behovet, om ikkje anna løysing finst i området.

Onarheim skule

Ingen særskilde tiltak i 2009, dette av omsyn til rehabiliteringa som er sett opp i investeringsplanen i 2010 og ferdig til skulestart i august. Detaljprosjekteringa er starta.

Barnehagebygg

Prosjektgruppa la 19 mai 2008, fram rapport om Barnehagestrukturen i kommunen. Kommunestyret har slutta seg til rapporten. Utspel i ettertid og problem med klargjeringar areala tenkt nytta, har stoppa opp og er til hinder for realiseringa.

Berre skadetilfelle er handtert i dei eksisterande barnehagane i påvente av ny.

Mål:

Ny felles barnehage så snart som mogleg. Kan skuletomta nyttast?

Helse- og sosialbygg

Slik som i 2008 er, på generelt grunnlag i samband med økonomiplanarbeidet, reist spørsmål om strukturrasjonalisering sjukeheim/bu- og omsorgssenter/omsorgsbustader/trygdebustader/PU- bustader/dagsenter, som del av dei prosjekta som er planlagt og vurdering av eit omsorgssenter knytt opp mot eksisterande lokalitet for sjukeheimen.

Sjukeheimen

Me har 39 plassar i sjukeheimen. Prosjektgruppa la 21 januar 2008, fram rapport / forprosjekt med tilråding til tiltak vedkomande rehabilitering sjukeheimen. Berre skadar, risikoområde og straktiltak iverksett i 2009 i påvente av nytt bygg.

Mål:

- Få vedtak om val tiltak i 2010 og oppstart prosjekt så snart som mogleg og tydeleg få fram konsekvensen av lokaliseringsvedtak, vedkomande branntryggleiken på sjukeheimen.

Hovland bu & omsorgssenter

Berre utbetring skadetilfelle og risikoområde. Første- og andre etasje er ikkje i bruk.

Mål:

Avhende tilbudet i samsvar med plan, men ikkje før behov for alternativ plassering bebuarar på sjukeheimen er vurdert i samband med tiltaka der.

Omsorgs- / trygdebustader

Me har **44** slike bustader. **12** Trygdebustader - eldst, **21** Omsorgsbustader, **6** Omsorgs- bustader på loft Aldersheimen og **5** Omsorgsbustader på loft sjukeheimen. I dei eldste bygga er utskifting av varmtvassberedarar, ventilatorar og sanitærarmatur under fortløpande utskifting.

Mål:

- Beisa omsorgsbustadene i Peralio og Uggdal i 2010
- Fiksa avløpet i Peralio 2010, oppstuing no.
- Taksteger for feiar må på plass der det manglar og i hht pålegg
- Vøla altanar Trygdebustader i Våge i 2010 og beisa ute innan 2012
- Innvendig oppussing når utflytting
- Vurdera og planleggja sprinkleranlegg

PU – bustader

Me har **11** slike bustader. **6** einingar og kontor i Våge, **5** einingar, kontor og fellesrom i Uggdal.

PU- Vågsmarka

Mål:

- Planleggja sprinkleranlegg i 2010, etablering i 2011
- Etablera ordna toaletttilhøve i eine bustaden, der det ofte stuar seg opp.
- Etablera takstegar til feiar, der det no manglar

PU-Uggdal

Er noko rote i takframbygg som står att å vøla etter at me beisa bygget i 2008 / 2009. Bygget er sprinkla

Mål:

- Skifta rotne konstruksjonar
- Pussa opp innvendig . Eitt husvære om året?
- Etablera rømningsveg bakside

Gjennomgangsbustad

Me har eitt hus med 2 husvære. Har som del av utflytting pussa opp delar av hovudetasjen og høgtrykkspylt og soppvaske utvendig. Beredarar og ventilatorar er skifta

Mål:

- Beisa ute i 2010 og om naudsynt soppbehandla før beisinga.
- Pussa opp underetasje som del av utflytting
- Fjerne skog i området og rydde snuplass

Personalbustader

Me har 2 hus med samla 3husvære. Prestebustad med hybel som legekantoret disponerer og legebustad i Våge, der kjellar dels er lager for Vaktmeistertenesta. Utbetra soverom med meir etter lekkasje i legebustad Våge. Elles få tiltak i bygga i 2009.

Mål:

- Rehabiliterer tak og yttervegger prestebustad ihht økonomiplan
- Pussa opp husværa ved utflytting eller når det kan tilpassast.

Renovasjon, slamtøming, avløp og vassforsyning

Felles for desse områda er at hovudplanane ikkje er revidert sidan dei vart laga og såleis er forelda og ikkje i tråd med utviklinga innan fagområda. Såleis vart heller ikkje etablert plan for "Avløp frå separate avløpsanlegg utan utslepp til sjø og miljømål ferskvassressursane."

Kloakksaneringa i øvre Klokkargarden, samt etablering av nytt reinseanlegg (Stor slamavskiljar) for heile reinsedistrikt Våge, og ombygging pumpeleidning og utsleppsleidning, vart gjennomført i hht økonomiplan og vedtak i formannskapet.

SIM har hyrt ny transportør i vårt område og det ser ut for at dei raskt finn fram i kommunen.

Mål:

- Kloakk Eidet - Rådhuset må etablerast parallelt med ny gangveg i området.
- Utviding slamavskiljar Lunde sentrum som følgje av bustadfelt Kattaland.
- Sjølvkostanalysane for alle fagområda må gjennomgåast og avvegast mot dei andre brukarane av fellessystema og kostnadsfordelinga mellom brukarane. Me rakk ikkje slik gjennomgang i 2009.
- Det vert full tømmerunde slamtøming i 2010
- Me må oppgradera tilsyn- og vedlikehald av avløpsanlegga etter at tidlegare ansvarleg driftsoperatør har pensjonert seg.
- Hovudplanane må reviderast og nye tiltak arbeidast inn som del av kommuneplanarbeidet.

Andre avløpstiltak - Private - Oppryddingstiltak - Lokal ureining frå private kloakkanlegg.

Ureiningssituasjonen i områda som Vee/Teigland, Gjerstadneset og andre område med meir enn 7 husstader i same avgrensa område, må kartleggjast og tiltak iverksetjast.

Mål:

- Samordna med revisjon av Hovudplan avløp, Avløp frå separate avløpsanlegg utan utslepp til sjø og for miljømål ferskvassressursane og kommuneplanarbeidet.

Vassforsyning

Plan for/etablering av reservevassforsyning og beredskap i hht hovudplan vassforsyning vart ikkje finansiert og realisert i 2009 .

Mål:

Reservevassforsyninga må vurderast i ROS-samanheng og som del av Kommuneplanarbeidet i nært samarbeid med vasslaga.

Ansvar for drift, vedlikehald og sikring av tilkomst til brannventilar i vassverkkummer må klargjerast

Kommunale vegar, kaiar og bruer

Me har ca 61 km kommuneveg, 11 definerte bruer, og 9 større kaiar.

Brøyting og strøing kan verta vanskeleg å få mannskap til i åra som kjem. Færre bønder og ynskje om å ha fritida disponibel, kombinert med meir omfattande "syting og klaging" dersom vegane ikkje er svarte til ei kvar tid. Me er avhengige av at dei innleigebrøytarane me har avtale med, held fram når nye avtalar skal etablerast i 2010 for brøyteperioden 2010/2011 - 2014/2015. Får me ikkje det til, slit me.

Mål:

- Kommunen bør snarast avlysa all tenesteyting til vegar som ikkje er kommunale.

Hovudplan Veg

Kommunen skal utarbeida ein eigen vegplan. Arbeidet bør prioriterast slik at ein får fram godt grunnlag for prioritering av tiltak. Planen er fullfinansiert i 2010.

Mål:

- Etablere Hovudplan veg, så snart kommuneplanen er klar, slik at hovudplanen står seg til dei overordna føringane. Planen er finansiert i økonomiplanen 2010/2013

Internkontroll av bruer og kaiar

Me leiger hjelp frå SafeControll til å gjennomføra lovpålagde tilsyn med bruer og kaiar. Tiltak etter inspeksjon blir arbeidd inn i økonomiplanen for dei mest omfattande tiltaka og elles som del av årleg vedlikehaldsbudsjett.

Mål:

Arbeida for å etablere ein vedlikehalds- og tilsynsplan for bruer og kommunale kaiar og etablere bruer som eigen budsjettpost.

Tilstandsrapport kaiar

Drøftingssak i ULT om sikring/utbetring av kaiar ArkivSak nr. 02/00038, vart ikkje lagt fram for formannskapet. Utgreiinga er basert på rapport frå kartlegging av tilstand.

Følgjande kaiar er sterkt skada og utgjør trugsmål :

- **Kai Elsakervågen – Stengt** både tømmerkai og kommunal kai
- **Flatråker kai** – Førebels open både tømmerkai og kommunal kai. Spesialinspeksjon i 2010
- **Amlandstø kai** – kommunal kai. **Stengt**. Betongkai er heilt nedbroten og bør fjernast. Steinkai som kan leva vidare under delar av betongkaien.
- **Malkenes Kai** – kommunebrygge. **Er fjerna** av Tysnes betong i hht avtale med kommunen

- **Gjestebrygga i Våge** - Utbetring av nye skadar i bæresystemet (Pelemark) utsett til planane om Fjordlandsby er på plass. Våge Hamn har ansvar for dagleg tilsyn og drift

Mål :

- **Elsakervågen kai** - iverksetja opprusting av i hht økonomiplanen 2010/2013 i samarbeid med Tysnes skogeigarlag / Vestskog.
- **Flatråker kai** – Spesialinspeksjon i 2010 og gjennomføra tiltak som vert tilrådd
- **Amlandstø kai** - Fjerna betongdel og sikra skada del til fjerning kan finansierast og gjennomførast
- **Gjestebrygga i Våge** - Vøla når Våge Hamn sine planar er klarlagt og eventuelle konsekvensar skuld nytt ferjeleie/utviding av eksisterande leie og oppstillingsplass med meir er klarlagt.

Gjerde og Ferister

Overgang til utegående storfe og sau medfører sterke krav til gjerdeholdet. Bør arbeida for gjerdeskjøn og fjerning av kommunal gjerdeplikt og feristar langs riksveg, fylkesveg og kommuneveg. Kostnaden er sterkt aukande og langt over disponible budsjetterrammer.

Sikring/ forsterking av kommuneveg

Auka tungtrafikk og nedbør / frost bryt ned vegane våre. Sikring og forsterking må klargjerast i hovudplan vegar og i ROS planlegginga i kommunen. Det er eit viktig næringspolitisk tiltak å få same bæreevne på kommunevegane som på riks- og fylkesvegane

Kommuneveg Asfaltering og vedlikehald

Følgjande vegar fekk vølt asfaltdekket i 2009 : Siste halvdel til Flygansvær,veg til Dalen i området Uggdal skule til Reiso, rundkøyring ved Uggdal skule, Myrdalsvegen frå Hagen til Myrdalselva. Veg til Andersland der øvre del av vegen fekk erstatta grusdekke med asfalt.

Mål:

- Auka satsing på asfalttiltak og forsterking av vegane våre.
- Auka satsing på grøfting og bortleding av vatn frå vegområdet
- Auka satsing på kantslått og rydding langs vegane. Pengane rekk ikkje langt i dag, med opp mot kr 1000 pr time for kjøp av tenesteyting.

Trafikksikringstiltak/Trafikksikringsplanen

Gangveg Uggdal - Ikkje finansiert tiltak i 2009

Gangveg Lunde - Plan ikkje ferdig i 2009

Aksjon skulevegtiltak - Ikkje finansiert tiltak i 2009

Mål:

- Gjennomføra gangvegtiltaka og trafikksikringstiltak for å auka trivnad og tryggleik i bygdene det gjeld.

Kommunale bustadfelt – tilrettelegging

Bustadfelt Kattaland i Lunde er grovt sett ferdigstilt med tilsaman 14 kommunale tomter og 8 tomter regulert, men ikkje tilrettelagt av grunneigar. Noko restarbeid og formalia står att, før sal kan gjennomførast.

Bustadfelt Vågsmarka 6 er under førebuing oppstart så snart anbodstevlinga er klargjort.

Ny tilkomstveg til Vågsmarka er under opparbeiding med steinoverskot frå ny gravplass i Våge. Resterande oppfylling koordinert med bygging gangveg og busslommer må klargjerast med fylkeskommunen som no eig riksvegen.

Mål:

- Det bør etablerast nye tomtefelt i Uggdal og Onarheim - det er berre få tomter att
- Klargjera om bedrifter kan kjøpa og selja / leige ut husvære i kommunale tomtefelt til same kostpris som private som byggjer for å busetja seg i felta.

Gravplassar

Kommunen yter teneste til kyrkjeverjjen vedkomande vedlikehald og drift av gravplassane i kommunen. Det er avtale mellom partane som regulerer tilhøva.

Kyrkjeverjjen har reist spørsmål om samarbeidet bør utvidast til òg å gjelda vedlikehald av kyrkjene, bårehusa og toalettanlegga. Dette er eit naturleg spørsmål, sett i relasjon til kor fint samarbeidet går på "grøntsida".

Kyrkjene er verneverdige og vedlikehaldstiltak på dei vil derfor truleg verta eit omfattande arbeid å få ansvaret for. Det krev styrking både økonomisk og auka personell, dersom ikkje andre oppgåver skal lida.

Vaktmeistertenesta er **reduisert med 1 person** (AFP) frå og med 1 april 2009, men pengane er att til kjøp av tenester frå private aktørar.

Utvidinga av gravplassen i Våge er stort sett ferdig etablert, berre mindre "vårarbeid" står att.

2.4.4.2 Landbruk/jordbruk

Det vart tildelt SMIL-midlar (spesielle miljøtiltak i jordbruket) til sju søkjarar, d.v.s. alle som søkte. Ingen søknader til NMSK (nærings- og miljøtiltak i skogbruket) kom inn, men det er sett av noko midlar til prosjekt "Rydding langs veg". Dette er eit samarbeidsprosjekt med Vestskog der synfaring og utvelging av stader er gjort.

Det er eit godt samarbeid med Norsk Landbruksrådgeving (tidl. forsøksringen) og kommunen får mykje att for det årlege kommunale tilskotet. Også overføring av landbruksvikarverksemda til Landbrukstenester Folgefonna synest å vere vellukka.

Tal søkjarar til produksjonstillegg heldt seg på ca 90, medan tal mjølkeprodusentar er 19 (derav 4 i samdrift). Sjølv med noko fråfall kvart år er dette talet likevel ganske høgt og stabilt ut frå tilhøva. Derimot er det grunn til å forvente eit stort fråfall om nokre år då dei som satsa på 70-80 talet etter opptrappingsvedtaket gjev seg. Ikkje mange i neste generasjon vil ta over, og kva då med tilgroing, kulturlandskap og heilårsbusetnad ?

Eit mottiltak ville vera å stilla kommunale tilskotsmidlar til disposisjon for f.eks. grøfting, bygningsarbeid, kjøp av mjølkekvoter o.l. Dette ville vera ”utgifter til inntekts ervervelse”.

Hjorten er både til plage og velsignelse, derimot er grågåsa stort sett berre til plage. Denne etablerer seg no permanent fleire stader og gjer stor skade på eng og avling. Når jakttida kjem, er gåsa borte. Tidlegare jakttid kan innførast lokalt, men fyrst etter at det er laga ”lokal forvaltningsplan”. Det er gjort tiltak for å få slik utarbeida.

Næringsutvikling er eit viktig tema som det burde vore nytta meir tid og ressursar på. Med små og minkande ressursar er det begrensa kor mykje som kan nyttast her når det heile tida kjem til lovpålagte og andre saker som kontinuerlig må løysast innan fristar. Mykje ”henvenning” og spørsmål frå folk må og handterast. Det er mykje som er ynskjeleg, men det må og vera tilstrekkelege ressursar tilgjengelege om ynskjer skal verta realistiske. Det skal merkjast at det var eit godt samarbeid opp mot samfunnsutviklaren.

Visjon:

Større fageiningar ved at felles landbruksforvaltning med andre kommunar vert etablert.

Produksjonstilskot og velferdsordningane i jordbruket.

Talet på søkjarar, har vore nokolunde stabilt dei siste åra. Når nokre produsentar har falle frå, har nye kome til. Negativt i dette: Mjølkeprodusentar sluttar, kvotar vert seldt. Ingen nye startar opp med mjølk. I 2009 var talet 85 gardbrukarar som oppfylte naudsynte krav for å søkja prod.tilskot. Tilskot innan Regionalt Miljøprogram: 52 stk godkjendte søknader. Søknad om tilskot til ekstrahjelp ved sjukdom: 5 stk. Det er strenge krav til adm. og kontroll av desse ordningane. Kommunane får år om anna besøk av kontrollørar frå fylkesmannen si landbruksavdeling. Så var også tilfelle for Tysnes dette året. Sum tilskot inn til Tysnes-landbruket, kom på godt over 1,2 mill kr. Dette er med og viser at landbruket i Tysnes er av sær stor betydning for kommunen. Med produksjon innafor mat, kulturlandskap, skogsdrift og utmarksnæring m.m., skapar/sikrar denne næringa enno fleire inntektsgejvande arbeidsplassar med drifta si.

Skogbruk - Hogst

Vestskog BA, er eit andelslag, eigd av 29 lokale skogeigarlag, der Tysnes skogeigarlag også er med. Vestskog BA, kjøper tømmer frå skogeigarar, organiserer transport og vidaresal. Gjennom prosjektet ”Skog utan grenser”, har Vestskog BA vore medverkande til auka aktivitet her i kommunen. Som medlem i dette prosjektet, er Tysnes kommune med og delfinansierer prosjektet med hjelp av m.a. NMSK midlar og rentemidlar skogfond. Vesentleg for hogst er å ha brukande kai for utskiping av tømmer. Dette året er det starta opp eit samarbeidprosjekt mellom kommunen, Tysnes skogeigarlag og Vestskog, om opprusting av ELSÅKERVÅGEN KAI, som for tida er stengd. FLATRÅKER KAI, som også har standard som tømmer- og kommunal kai, er open til bruk.

Skogkultur

I samband med hogst i Tysnes-skogane var det mange skogbrukarar som hadde stort ynskje om planting i 2009. Grunna liten tilgang på plantemateriale fekk 16 Skogbrukarar melding om utsett planting til 2010. Det har ikkje kome søknader til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Skogsvegar

Det er fleire anlegg som det er aktivitet på i kommunen, nokre er i slutfasen medan andre er nyleg starta opp. Av dei større anlegga med aktivitet på, er Horstøvegen/Myklestad skogsveg-anlegg og Flussurd/Elsåkerfjellet skogsbilveg. Det kjem nye søknader inn og det er rett av brukarane å investere i vegar, for å ta vare på dei store verdiane i all den skogen som no byrjar å verta hogstmoden. Auke budsjett-midlane til skogsvegar? På tampen av året vart det frå FMLA starta eit prosjekt: Hovudplan veg. Dette prosjektet har som mål å utarbeida hovudplan for skogsvegar i Hordaland. Tysnes er blant kommunar som er med i prosjektet.

Viltforvaltning

I perioden 1-10/04-2009, vart det føreteke vårteljning av hjort. Gjennomsnitt-tala viste nedgang, medan max tal sette dyr var noko høgare dette året. Hjortejakta 2009: Tildelt 542 løyve. Felling:473 stk. Fellingsprosenten 87,27. Det vart søkt om 32 skadeløyver utanom kvote. Tildelt 28 stk. Felt 16 dyr. Skadeløyve innafor kvote. Søknad 3 stk. Tildelt og felt 3 stk. Tal fallvilt registrert med 4 dyr, der 3 av desse gjaldt påkjørsle med bil.

Merke- og utviklingsprosjekt Hjort – Hordaland og Sogn

Dette prosjektet starta opp i 2008 og skal gå over 5 år. 3 foringsvertar var i drift i vinterseongen. 1 bukk vart merka. Diverre vart denne felt i jakta okt.-09. Arbeid med å merka nye dyr er på gang.

Forvaltningsplan for Hjort i Tysnes.

Det kom inn 4 innspel til planen då den låg ute til høyring. Det vart lagt til rette for ferdigstilling av planen, med politisk handsaming medio mars 2010. Sameleis har det vore prosess på ”Endring av minsteareal for tildeling av fellingsløyve på hjort”. Forventa politisk handsaming er mars 2010.

2.4.4.3 Areal- og byggesaker

Pkt. 1. Generelt.

Ny planlov som vart gjort gjeldande frå 01.07.2009 og planlagt innføring av ny bygningslov vil medføra krav til meir omfattande sakshandsaming i tida som kjem. For å kunna løysa oppgåvene på ein rasjonell måte er det sjølvstendig viktig at me har rette ressursar til disposisjon.

Sjølv om det ligg føre relativ ny arealdel til kommuneplanen er storparten av sakene førespurnader, dispensasjonssøknader og klagesaker i LNF -områda. Tiltak relatert til strandsona og hytter- og fritidshus er framleis dominerande. Dei fleste klagene kjem frå miljøvernveddelinga hos fylkesmannen i Hordaland og gjeld dispensasjonssøknader. I tillegg kjem merknader og motsegn til reguleringsplanar. Begge sakfelt er tidkrevjande med omfattande handsaming.

Sakshandsamingstid for dispensasjonssaker er til vanleg om lag 6 mnd., grunna politisk handsaming i min. to møte og handsaming i fylket. Ved handsaming av klagesaker vert samla sakshandsamingstid opp i mot eitt år.

Pkt. 2. Mellombels omdisponering av personell.

2009 var på fleire måtar eit turbulent år, med påfølgjande konsekvens at det har ”hopa” seg opp ei mengd søknader. Skuldast i hovudsak omdisponering av personell i om lag ½ år i sam-

band med registreringsarbeid for innføring av eigedomsskatt, omfattande handsaming med klagesaker og at svært mange søknader som vart innsendt før ny planlov vart iverksett.

Pkt. 3. Utvikling i saksmengde.

PBL.	2004	2005	2006	2007	2008	2009
L/T totalt.	293	307	321	347	308	248
Andel delegasjonssaker.	124	122	127	129	117	104

Tabellen angjev **berre** saker som er handsama etter plan - og bygningsloven og Forskrift om utslepp fra separate avløpsanlegg m.m. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglov m. m. vert det vist til anna programområde.

Pkt. 4. Inntektsutvikling. Om lag 18,2% mindre enn budsjettet. Årsak: Jfr. pkt. 2 og 3.

Pkt. 5. Handsamingsrutinar og saker i kø.

I november var det om lag 400 søknader på byggesak. Dette omfatta søknader under handsaming og nye søknader som ikkje er teke opp til realitetshandsaming. Lovpålagde sakshandsamingstider vart dermed ikkje følgt. Konsekvensane her kan verta at budsjettet inntekt for 2010 ikkje vert reell. Årsak: Jfr. pkt. 2.

Pkt. 6. Ulovlege utførte tiltak.

I prosessen kring eigedomsskatteinnføringa vart det konstatert at det er trong for gjennomgang og kontroll av om lag 250 saker der det er tvil om det ligg føre nødvendige byggjeløyver for ulike bygg og anlegg. Desse sakene kjem i tillegg til sakene som går inn under pkt. 5. Formannskapet drøfta denne problemstillinga i sak PS 88/09. Det vart fatta vedtak om å oppretta eit gebyrfinansiert engasjement for å kunna betra kapasiteten.

Pkt. 7. Betalingsregulativ frå 2002, vart revidert av kommunestyret i sak PS 54/09. Her framgår det at formannskapet skal arbeida medare med regulativet gjennom budsjettprosessen for 2011.

Pkt. 8. Reguleringsplanar.

Følgjande planar vart ferdighandsama i løpet av 2009: Bustadfelt for Vågsmarka 6, ny veg til Vågsmarka, bustadfelt for Kattaland, hytteplan for Årbakkahagen og eldrebustader i Peralio.

Følgjande planar er under arbeid: Hytteplan for Malkenestangen, bustad- og hytteområde i Teiglandsundet, naustplan i Humlevik til Kjetil Lavik, stadanalyse og reguleringsplan for Våge, plan for Nesthuslia, naustplan til Ola Hope på Neshamn, båthamn Gjerstad, planrydding og utviding i Lundekamben, reguleringsplan Alsaker brygge inn mot Alsakervågen. I tillegg kjem endring av plan for Alsaker Brygge og Nyborg Hyttefelt.

Pkt. 7. Framtidsperspektiv.

Behovet for revidering av noverande arealdel til kommuneplanen er særleg merkbart. Jfr. her andelen dispensasjonssaker, merknader og klager på vedtak frå m.a. fylkesmannen v/miljøvernavinga. Største utfordring i åra som kjem er å få eit plandokument som kan vera eit meir tilfredsstillande og fornuftig verktøy for handsaming av einskildsaker, som både er i tråd med lokale og sentrale retningslinjer.

Mål for 2010.

- Betring av kapasitet og skaffa til vege ressursar for å kunna etterkoma lovpålagd sakshandsamingstid.
- Innkjøp av dataprogram for betre sakshandsamingsrutiner.

- Opplæring og kursing av sakshandsamarane inkl. forkontorpersonell i samband med innføring av ny planlov og bygningslov.
- Revidering av betalingsregulativ for plan- og byggjesaker m.m.
- Betring av sjølvfinansieringsprosent.
- Utarbeiding/revidering av informasjonssider på internett for publikum.

Brannvern og feiing

Utøving av tenesta har vore tilfredsstillande. Samarbeid med andre etatar som lensmann og ambulanspersonell har vore positivt.

Gjeldande brannordning.

Kommunen si brannordning vart godkjent av DBE i skriv av 09.11.98. Sjølv om brannordninga er godkjent er ikkje iverksetjing fullført på alle områder. Brannordninga føreset at brannvernet sitt overbefal skal bestå av brannsjef, varabrannsjef i deltidsstilling og ein brannmeister i heil stilling. For dei tre nemnde stillingskategoriene gjeld og vanleg beredskap og forspenningstid. Frå mai 1997 har kommunen vore utan varabrannsjef.

Avstand til brannstasjon gjer at einskilde mannskap har for stor forspenningstid i forhold til intensjonane i brannordninga. På Hovland inngår fire mannskap som ein del av hovudstyrken for m.a. å tilfredsstille krav om innsatsstyrke og innsatstid. Vaktordning her er ikkje etablert.

Litt spesielle tilhøve.

Sjølv om det ligg føre ein positiv tilsynsrapport for kommunen sitt brannvesen, finn me det rett å peika på at det og er svakheter. Dette gjeld m. a. ved større uventa hendingar sett i relasjon til svekking av beredskapen og forhold til dimensjoneringsgrunnlaget. Det er her viktig å merka seg at beredskapen er dimensjonert på grunnlag av antall risikoobjekt og fastbuande. Det er ikkje teke omsyn til at Tysnes er ein "hyttekommune", kor folketalet kan verta tredobla i ferietid og spesielle helger. Svakheten vert særleg merkbar når brannmannskapet avviklar ferie og dreg ut av kommunen i same tidsrom. Eit anna moment er relativt lang forspenning- og innsatstid ved rekvirering av bistand frå nabokommunane, store avstandar, spreidd busetnad med manglande nærvær av tilstrekkeleg sløkkjevattn og beskjeden kapasitet på leidningsnett til dei private vassverka.

Utdanning/kurs

Mannskap

Ny utdanningsreform krev opplæring av hovudstyrken i regi av Norges brannskole - NBSK. Kursinga vil fortsetje i åra som kjem for å etterkoma krava. Utgifter med opplæring utgjer ein vesentleg del av brannbudsjettet.

Feiaren.

Feiaren er i ferd med å avslutte sin obligatoriske fagutdanning.

Befal.

4 befal har formell godkjent utdanning til dei funksjonane dei no innehar, men brannsjefen manglar framleis varabrannsjef. Jfr. gjeldande brannordning og avvik i tilsynsrapport dagsett 16.08.2007 frå DSB.

Av skriv dagsett 25.01.08 frå DSB framgår mellombels fravik frå utdanningskrav til brannsjefen sin stedfortreder for Torfinn Kongsvik, under føresetnad av at Kongsvik gjennomfører

nødvendig utdanning innan 2 år. For å inngå i rolla som brannsjefen sin stedfortreder må Kongsvik fullføre beredskapsutdanning trinn III.

Mannskapsstyrke

Gjeldande brannordning føreset total styrke på 20 mannskap inkl. befal.

Tilsyn av § 13 objekt. Større bygg, anlegg, forsamlingshus etc.

Ny omfattande oppfølging og kontroll må utførast i 2010.

Oversyn over utrykkingar.

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Brann i bygning	3	1	2	2	1	2	2
Bilbrann	0	0	0	0	0	0	2
Pipebrann	11	1	1	3		5	4
Gras, lyng og mindre skogbrann	5	1	1	5		1	0
Unødig alarm	0	0	2	3	3	1	0
Annen assistanse	4	2	5	5	1	1	3
Biluhell	4*	1	1	0	4	0	2
Meld. om skogbrann	1	0	0	2*	1	0	0
(Bålbrenning m.v.)	1	1	0	0	1	0	1
Branntilløp i bygning	1	2	2	3	2	0	0
HLR					1	1	2
Sum utrykkingar	30	9	14	23	14	11	16

*2003 Eit biluhell med alvorleg personskade og eit biluhell med dødsfall.

*2006 Assistanse til Kvinnherad og Fusa kommune.

*2009 Brann i bygning: Gripe Camping og "Ferje" i Bårdsund.

2009 var eit "vanleg" år sett i relasjon til antall, men hjerteskjærende sett i forhold til dødsfall på Gripe Camping.

Feiartenesta

Praktisk utøving av feiartenesta har fungert tilfredsstillande. Brannsyn på bustadhus har kome i gang, men mykje står att.

Framtidsperspektiv

Største utfordring i åra som kjem er å halde på mannskapsstyrken og rekruttere nytt mannskap, oppretthalde noverande førebyggjande arbeid, opplæring og lovpålagd utdanning av heile brannvernstyrken og etablering av nytt nødnett.

Mål for 2010

- Iverksetjing av motiverande tiltak for å behalde noverande brannvernstyrke og rekruttering av nytt mannskap.
- Vidareutvikling av opplæring av eksisterande og nytt mannskap. Gjennomføring av lovpålagd grunnutdanning v/NBSK. Gjeld og for både mannskapsstyrke og feiar.
- Vidareutvikling av røykdykkartenesta.
- Vidareutvikling av førebyggjande arbeid og oppfølging av brannordning og DSB sin tilsynsrapport 16.08.07.

- Vidareutvikling av førebyggjande arbeid og iverksetjing av vanleg brannsyn i samband med utøving av feiartenesta.
- Gjennomføring av behovprøvd feiing.
- Vidareutvikling av mannskapsstyrken på Hovland. Etablering av rode på Reksteren.
- Opplegg for proff debriefing etter spesielle hendingar. Vidareutvikling av HMS og internkontroll system.
- Oppfølging av tilsynsrapport/avvik frå DSB.
- Kome på rett veg igjen når det gjeld tilsyn av § 13 objekt.

Kart og oppmåling

Det har ikkje vore budsjettoppnåing i 2009. Sjå statistikk nedanfor. Dette skuldast truleg fleire forhold.

Mykje av teknisk/fagarbeidar-stillinga på oppmålingsavdelinga vart underlagt arbeidet med innføringa av eigedomsskatt fram til 30. juni. Oppmålingsansvarleg vart pensjonist 1. august. Det har ikkje lukkast oss å tilsetja ny person i stillinga, men det vart bestemt at me skulle leiga inn arbeidshjelp.

Kartlegging 2009

Der vart ikkje utført kartlegging i Tysnes kommune i 2009, men Statens kartverk har utført ajourføring og vedlikehald på diverse kartdatabaser i samsvar med Geovekstavtalen. Det vart betalt del-faktura for kontinuerleg kartleggingsarbeid som strekkjer seg over fleire år.

Kartlegging 2010

Det er planlagt kartlegging i form av laserskanning frå fly i 2010. Dette er også i samsvar med Geovekstavtalen.

Delingssaker

STATISTIKK OPPMÅLINGSAVDELINGA	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Målebrev produsert	36	49	41	41	50	15
Tinglyste målebrev	14	16	16	25	17	6
Målebrev produsert, ikkje tinglyst	22	33	25	16	33	9
Tinglyste målebrev totalt dette året	29	29	36	55	21	36
Mellombels forretningar	14	2	3	7	2	2
Tinglyste mellombels forretningar	13	1	2	5	0	1
Mellombels forretningar, ikkje tinglyst	1	1	1	2	2	0
Tinglyste registreringsbrev	0	0	0	1	0	0
Registreringsbrev ikkje tinglyste	0	1	0	1	4	0
Kravde kartforretningar	55	60	44	81	71	31
Seksjoneringar	1	0	1	5	0	3
Saker i LANDBRUK\TEKNISK	1	3	-	-	-	-

Med unntak av dei sakene som dei innleigde konsulentane har under arbeid (37 stk.), har me registrert til saman 43 saker som venter på behandling. Og i tillegg er det saker som ikkje er heilt avslutta enno, saker kor me for eksempel må hjelpe partane med diverse dokument o.s.v. Det blir handsama og godkjent fradelingssaker hjå byggjesaksavdelinga jamt og trutt, så det er nok å ”henge fingrane i” i tida framover.

Utvikling i gebyrinntekter

	2005	2006	2007	2008	2009
Budsjett	503.000,-	530.000,-	551.200,-	683.400,-	683.400,-
Rekneskap	574.153,-	799.260,-	846.231,-	623.604,-	222.515,-

Byggjefelt

Selde tomter

Det er seld 2 tomter i byggjefeltet Onarheim II, 2 tomter i byggjefeltet Lundehagen II, 1 tomt i byggjefeltet Vågsmarka 5.

Det er tilbakeført/kjøpt 1 tomt i byggjefeltet Vågsmarka 5, gnr.94 bnr.338.

Ledige tomter

Det er 5 ledige tomter i Sauabakkane, 3 ledige tomter i Jensvoll II. 2 ledige tomter i Vågsmarka II, 6 ledige tomter i Vågsmarka V, her er det kome søknad om kjøp av nokre av tomtene frå ymse firma.

Det er 1 ledig tomt i Lundehagen II, her er det kome søknad om kjøp av tomta, 1 ledig tomt i Onarheim I og 5 ledige tomter i Onarheim II.

Mellombels forretning

Det vart oppretta 2 stk. mellombelse forretningar i 2009.

Til saman har me no 43 registrerte mellombelse forretningar. Desse sakene skal vere ferdige handsama etter Delingslova §2-6 med utstedt målebrev før 31.12.2012. Blir ikkje fristen halden skal sakene fullførast etter reglane om oppmålingsforretning i matrikkellova, jfr. forskrifta §26. Det er allereie krevd inn fullt gebyr for dei mellombelse forretningane.

Kva årstal dei mellombelse forretningane vart oppretta

1986: 1, 1987: 1, 1988: 1, 1990: 1, 1991: 2, 1992: 2, 1998: 1, 2001: 1, 2002: 2, 2003: 1, 2004: 15, 2005: 2, 2006: 4, 2007: 7 og 2009: 2.

